















Årsmeldinga er utarbeidd i samsvar med § 14-7 i kommunelova. Ho viser resultat som er oppnådde i Vestland fylkeskommune i 2022. Fylkesdirektøren er ansvarleg for publikasjonen. Redaksjon er kommunikasjonsseksjonen, med tekstgrunnlag frå organisasjonen.


Omslagsfoto: Bybanestoppet på Haukeland er eitt av stoppa på den nye linje 2 til Fyllingsdalen. Inger Johanne Rasmussen har laga kunstverket Melkeveien, som framstår som ei stjernehimme 30 meter under bakken.

Årsmeldinga er avslutta mars 2023.

# Innhold

	Fylkesdirektøren har ordet	5
	Sentrale nøkkeltal og rapportering	6
	Sjuefråvær	6
	Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	8
	Likestillingsutgreiing 2022	9
	Styring og kontroll av verksemda	12
	Økonomisk resultat	17
	KOSTRA Kommune – stat – rapportering	22
	Klima- og miljørekneskap	24
	Vi utviklar Vestland	32
	Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Regional planstrategi	32
	Berekräftsarbeidet i Vestland	32
	Regional planlegging	32
	Folkehelsearbeidet i Vestland	34
	IKT og digitalisering	36
	Infrastruktur og veg	41
	Kultur og folkehelse	46
	Mobilitet og kollektivtransport	55
	Næring, plan og innovasjon	63
	Opplæring og kompetanse	71
	Organisasjon og økonomi	79
	Politisk organisering	84

## Administrativ organisering – organisasjonskart



# Fylkesdirektøren har ordet

Vestland fylkeskommune leverer tenester innan vidaregåande opplæring, tannhelse, næringsutvikling og kultur. I tillegg bygger og sikrar vi vegar og jobbar for eit godt kollektivtilbod i heile fylket. I 2022 har vi arbeidd målretta for å utvikle tenestene og skape eit framtidretta fylke, som samfunnsoppdraget vårt seier vi skal.

Det gler meg at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring framleis er høgt. Det er noko av det viktigaste vi driv med, både for den enkelte og for å sikre god og rett arbeidskraft for framtida. Eg vil rette ein stor takk til alle dei tilsette ved skulane våre, som var gjennom nok eit krevjande skuleår. Også 2022 var prega av koronapandemien og etterverknadar av denne. Fylkestinget løyvde fem millionar kroner til psykisk helse, som skulane har nytta til å fremje trivsel, motivasjon og meistring i skulekvardagen. I tillegg braut det ut krig i Europa, og om lag 140 ukrainske flyktningar i alderen 16–18 år har fått tilbod opplæring gjennom Vestland fylkeskommune.

Ein annan grunn til å vere stolt er arbeidet vårt med klima og miljø. Vi skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslipp innan 2030 og tok eit stort og viktig steg mot dette målet 15. desember 2022. Då vedtok fylkestinget den første klimaplanen for Vestland. Hovudmålet i planen er «Vestland – ein ansvarleg pådrivar for nullutslippssamfunnet», og både naturmangfald og klimarettferd er med som sentrale satsingsområde.

For å sikre klimaomstilling i næringslivet, held vi saman med Innovasjon Noreg fram det gode arbeidet med prosjektet Grøn region Vestland. Vi er i dialog med næringslivet for å få til dei planlagde innovasjonsprosjekta, som skal ta oss i rett retning og rigge oss for framtida. Prosjekta vil kunne gje nye, klimavenlege arbeidsplassar, auke eksporten og kutte klimagassutslipp.

2022 vart det første året der dei fleste ferjesambanda våre køyrer med heilelektrisk drift, etter fleire år med utskiftingar i ferjeflåten og med bygging av ladeinfrastruktur. Og for kollektivtrafikken i Bergen vart 21. november ein merkedag. Då opna bybanelinje 2 mellom Kaigaten og Fyllingsdalen. Det er

godt å sjå at vi i 2022 ser ei normalisering av passasjertala i kollektivtrafikken, etter nedgang og endring under pandemien.

Vi er eit av dei største samferdslefylka, og på vegsida sette vi i 2022 i gang prosjektet Meir for pengane. Målet ligg i namnet. Vi skal effektivisere og setje i gang tiltak for å utnytte pengane vi har til rådvelde best mogleg. I løpet av fjoråret opna vi fleire både veg- og skredsikringsprosjekt og gang- og sykkelvegprosjekt. Det er viktige tiltak for dei som bur og lever i alle delar av fylket, for at dei skal køyre på trygge fylkesvegar.

2022 gav oss eit godt økonomisk resultat, trass av at året har vore prega av ein del usikkerheit. Både krigen i Ukraina og energikrisa, som har ført til høg prisvekst og høgt rentenivå, har hatt direkte innverknad på Vestland fylkeskommune. Likevel syner rekneskapa vår for 2022 eit mindreforbruk på 260,1 mill. kr, som er sett av til disposisjonsfond. Det gir oss eit godt grunnlag for vidare satsingar, og til å utvikle fylket vidare i tråd med visjonen vår om å vere nyskapande og berekraftig.

For å få til det er vi avhengige av berekraftsmål 17 om samarbeid. Vestland fylkeskommune har store ambisjonar om å vere den føretrekte samarbeidspartnaren for kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar i fylket. Utviklingsplanen er eit av verkøya våre for å få til det, og i 2022 starta vi arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen for 2024–2028. Medverknad og dialog er stikkord når vi har intervju eit utval innbyggjarar, bedrifter, organisasjonar, statlege og kommunale organ om samfunnsutviklinga. Også folkehelseundersøkinga, som vi gjennomførte for første gong i Vestland i 2022, blir eit viktig grunnlag for den nye utviklingsplanen.

I denne årsmeldinga rapporterer kvar avdeling i fylkeskommunen på dei fire måla i utviklingsplanen for 2020–2024, med tilhøyrande strategiar. Det er måla fylkestinget har bestemt vi skal jobbe for å nå denne fireårsperioden, og eg er stolt over korleis vi saman tek ansvar og gjennomfører det vi skal. Eg vil takke alle tilsette som gjennom året har stått på for å yte gode tenester og sikre oss eit godt økonomisk resultat, som gjer at vi kan halde fram å utvikle fylket og oppfylle samfunnsoppdraget vårt.



Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

# Sentrale nøkkeltal og rapportering

## Sjukefråvær

Vestland fylkeskommune hadde eit samla sjukefråvær på 7,2 prosent i 2022. Det er ein auke frå 2021, der sjukefråværet var på 6,8 prosent. Sjukefråværet i fylkeskommunen har både i 2021 og 2022 vore høgare enn for landet elles.

Det er stor merksemd på ulike tiltak for å redusere sjukefråværet i alle avdelingar, først og fremst nærværstiltak, men òg arbeid med å sikre god oppfølging av dei som er sjuke. Innan reinhald er det i samarbeid med bedriftshelsetenesta sett i gang eit prosjekt for å kartlegge årsakene til fråvær for å identifisere målretta tiltak.


Kjønnskilnaden i fråværet i fylkeskommunen er tydeleg og på linje med norsk arbeidsliv elles. Fråværet for kvinner var på 8,9 prosent, medan det for menn var på 5,0 prosent.

Tannhelse er sektoren som har høgast sjukefråvær. I 2022 var fråværet på 11,6 prosent, som er ein reduksjon på 0,9 prosent frå 2021. For skule/rettleiingstenesta var sjukefråværet på 6,8 prosent, og for fylkesadministrasjonen på 6,6 prosent i 2022.


Sjukefråværet fordelt på fråværsleigd viser at størstedelen av fråværet er meir enn 16 dagar. Det har vore ein auke i eigemeldt sjukefråvær for både kvinner og menn frå 2021 til 2022. Legemeldt fråvær er lågare for både kvinner og menn i 2022 enn i 2021.

Fylkesdirektøren har stor merksemd på sjukefråværet i organisasjonen og vil følgje utviklinga nøye også i 2023.


Sjukefråvær VLFK 2020 og 2022, samla og kjønn




### Sjukefråvær utvalde sektorar for åra 2020–2022



### Sjukefråvær VLFK 2021 og 2022, fordelt på lengde og kjønn



### Fordeling av eige- og legemeldt sjukefråvær 2021 og 2022, fordelt på kjønn



# Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular, administrasjonsstadar og i fleire avdelingar og seksjonar. Eit eige AKAN-utval jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Det er utpeikt lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar, nokre større seksjonar og på alle skular.

Vernetenesta har eit fylkeshovudverneombod i full stilling og eit assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Det er 55 hovudverneombod i dei ulike avdelingane i fylket.

HR-seksjonen har ei eiga faggruppe, HMS og kvalitetsstyring (HMSK), som følgjer opp HMS-arbeidet og kvalitetssystemet. Faggruppa syter for informasjon, bistand og opplæring i det systematiske HMS-arbeidet i fylket. Vestland fylkeskommune har avtale om bedriftshelseteneste frå Avonova, og Avonova Census leverer tenester knytt medarbeidarundersøkinga som blir gjennomført annakvart år.

Det vart gjennomført tre HMS-grunnkurs i 2022. Kursa vart gjennomførte både digitalt og med fysiske samlingar. Til saman 95 leiarar, verneombod, tillitsvalde og AMU-medlemmar deltok på grunnkursa. I tillegg har 27 lærlingar i fylket deltatt på dagskurs i HMS og kvalitetsarbeid.

Vi gjennomfører årleg HMS-rapportering i form av eigenkontroll, med rapport til fylkesdirektøren og AMU. Den årlege rapporteringa er eit viktig element i etterleving av internkontrollforskrifta, og det nye kvalitetssystemet er eit sentralt verktøy. Her finn vi mellom anna oversyn over ansvar, organisering og retningslinjer for det lokale arbeidet med kartlegging, risikovurdering, handlingsplanar og årshjul. Forbetringpunkt frå rapporteringa blir følgt opp av einingane med bistand frå HMSK-gruppa i HR-seksjonen.

Det har i 2022 vorte arbeidd med å finne ei meir tenleg innretting av AMU-arbeidet i den sentrale fylkesadministrasjonen, som er spreidd på fleire lokasjonar. Frå 2023 vil dette arbeidet bli styrka ved at det blir etablert eigne AMU og eventuelt også HMS-utval i kvar avdeling. Dette vil tydeleggjere ansvarslinja og mellom anna gjere det enklare å setje inn målretta tiltak knytt til arbeidsmiljø og sjukefråvær. Felles sosiale tiltak m.v. på kvar lokasjon vil etter dette bli følgt opp i regi av lokale velferdskomitear.

## Kvalitetsstyring

Kvalitetssystemet er sentralt i arbeidet med kvalitetsstyring i Vestland fylkeskommune. Det er verktøyet vi brukar for å dokumentere og sikre internkontroll. For tilsette utan særskilde oppgåver i kvalitetsarbeidet, fungerer systemet som ei e-handbok. Her kan alle lese og skrive ut ulike dokument som rutinar og retningslinjer. Det er også her vi melder avvik, registrerer varsel, slår opp i stoffkartoteket og finn relevante lover, forskrifter og avtalar.

Det er jamlege møte i kvalitetsforum. Der er HMS- og kvalitetskoordinatorane frå alle avdelingane og enkelte seksjonar med. Oppgåva til forumet er å sikre fagleg oppdatering, erfaringsutveksling, utvikle gode rutinar og drive fram systemutvikling. Kvalitetssystemet inneheld fleire modular: dokumentbehandlar, avviksbehandlar, årshjul, risikohandterer og stoffkartotek. I dokumentmodulen var det ved utgangen av 2022 publisert nærare 4000 dokument. HMS-arbeidet i fylkeskommunen skal sikre trygge og helsefremjande både arbeids- og opplæringssituasjonar.

I 2022 vart det registrert 999 saker i kvalitetssystemet til Vestland fylkeskommune. 800 av dei var uønskte hendingar og avvik, 121 forbetningsforslag, 27 leverandøravvik, 27 varsel og 24 nestenulukker. Av 800 uønskte hendingar og avvik, gjaldt 275 personskadar.

### Figuren viser statistikk for meldingar om uønskte hendingar og avvik m.m. i 2022:

Type melding	2021	2022
Uønskt hending og avvik	684	800
Forbetningsforslag	87	121
Leverandøravvik	16	27
Varsel	17	27*
Nesten-ulukke		24

\* 13 av desse var ikkje varsel i arbeidsmiljølova sin forstand.

HR seksjonen vil i 2023 fortsette arbeidet med å gje tilsette og leiarar opplæring og støtte i å nytte kvalitetssystemet til læring, forbetring og organisasjonsutvikling.



# Likestillingsutgreiing 2022

## Arbeidsgjevars aktivitets- og orienteringsplikt

Aktivitets- og orienteringsplikta er ei plikt alle arbeidsgjevarar har til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. I Vestland fylkeskommune har vi integrert det i fleire av dei interne prosessane våre.

Rapporteringa i samband med aktivitets- og orienteringsplikta skildrar korleis stoda er for kjønnslikestilling i Vestland fylkeskommune, og kva vi gjer for å oppfylle plikta. Vidare gjer vi greie for kva vi har gjort for å kartlegge risiko for diskriminering og hinder for likestilling innan desse personalpolitiske områda:

1. rekruttering
2. løns- og arbeidsvilkår
3. forfremming
4. utvikling og opplæring
5. tilrettelegging
6. kombinasjon av arbeid og familieliv
7. trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald

Arbeidet med likestilling, mangfald og inkludering er forankra og integrert i utviklingsplanen. Mål 1 i denne er «Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg». For å nå målet har Vestland ein strategi om å «utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon».

Eitt av tiltaka for å få til dette er å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv med særleg merksemd på å få fleire tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Vidare har vi starta arbeidet med ein ny organisasjonsstrategi. Strategien skal bidra til å sikre god gjennomføring av overordna mål, og sikre at heile verksemda arbeider i same retning. Det skal blant anna forankrast at likestilling og mangfaldsarbeid blir ein integrert del av måten vi tenker og jobbar på. Det skal også lagast ein likeverdsplan, som skal vere ei forlenging av organisasjonsstrategien.

## Kjønnsbalanse og sentrale nøkkeltal

### Tilsette

Det var 6110 tilsette (5668 årsverk) i Vestland fylkeskommune ved utgangen av 2022. Det var 1153 årsverk i fylkesadministrasjonen, 3764 årsverk i skule og rettleiingstenesta, 449

årsverk i tannhelsetenesta og 304 årsverk i eigedom, drift og vedlikehald.

### Kjønnsfordeling

58 prosent av dei tilsette i Vestland fylkeskommune er kvinner. Tannhelsetenesta har størst kvinnetal med 91 prosent. I skule og rettleiingstenesta er kvinnetal 56 prosent. I fylkesadministrasjonen er det tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, medan det i eigedom, drift og vedlikehald er ei overvekt av kvinner med 66 prosent, mot 34 prosent menn. I leiande stillingar er det 54 prosent kvinner og 46 prosent menn.

### Tilsette i deltidstillingar

Ved utgangen av 2022 var det 1383 tilsette i deltidstillingar, noko som er 23 prosent av alle tilsette. Totalt er 27 prosent av alle kvinnelege tilsette i fylkeskommunen i deltidstillingar, medan delen av menn er 17 prosent. Det er ein liten nedgang i deltid frå 2021, då det var 1394 tilsette i deltidstillingar. Omfanget av ufrivillig deltidarbeid vart kartlagt i 2021 og skal kartleggast igjen for 2023.

### Tilsette i mellombelse stillingar

Det var 577 tilsette i mellombelse stillingar ved utgangen av 2022. Det er 9 prosent av alle tilsette. Tala inkluderer vikarar, lærlingar, trainear og tilsette i prosjektstillingar. 55 prosent kvinner og 45 prosent menn er tilsette i mellombelse stillingar. I 2022 hadde Vestland fylkeskommune om lag 65 lærlingar innan 12 ulike fagområde og 12 trainear.

Tal tilsette*	2021	2022
<b>Totalt Vestland fylkeskommune</b>	<b>6038</b>	<b>6110</b>
Kvinner	3534	3569
Menn	2504	2541
<b>Sektorvis fordeling i årsverk**</b>		<b>5668</b>
<b>Fylkesadministrasjon</b>	<b>1159</b>	<b>1153</b>
Kvinner	581	574
Menn	578	578
Skule og rettleiing	3713	3764

\* Inkl. heiltidspolitkarar

\*\* Sektorvis er årsverk nytta då det er meir presist, sidan tilsette kan ha delt stilling på ulike sektorar

Tal tilsette*	2021	2022
Kvinner	2103	2122
Menn	1611	1642
Tannhelse	440	449
Kvinner	402	411
Menn	38	38
Eigedom, drift og vedlikehald	300	304
Kvinner	191	196
Menn	109	108

\* Inkl. heiltidspolitikarar

\*\* Sektorvis er årsverk nytta då det er meir presist, sidan tilsette kan ha delt stilling på ulike sektorar.

Tilsette i deltidstillingar	2021	2022
Totalt i fylkeskommunen	1394	1383
Prosent av tilsette i VLFK	23 %	23 %
Kvinner i deltidstillingar	954 (68 %)	958 (69 %)
Kvinner i deltidstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	27 %	27 %
Menn i deltidstillingar	440 (32 %)	426 (31 %)
Menn i deltidstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	18 %	17 %

Mellombelse tilsette*	2021	2022
Totalt	509	577
Prosent av tilsette i VLFK	8,4 %	9,4 %
Kvinner	288 (57 %)	319 (55 %)
Menn	221 (43 %)	258 (45 %)
Menn i deltidstillingar	440 (32 %)	426 (31 %)
Menn i deltidstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	18 %	17 %

\* Som berre har mellombels stilling

## Løn

### Lønsskartlegging på ulike stillingsgrupper

Inn-plassering	Kvinner	Menn	2022 %*	2021 %*
Kapittel 4	559 870	577 110	97,1 %	96,3 %
Kapittel 5	686 321	697 277	98,4 %	99,1 %
Kapittel 3	850 927	893 509	95,2 %	94,2 %

\* Kvinner si løn i prosent av menn si løn

Lønsskapittel 4 i hovudtariffavtalen er det desidert største området. Det omfattar mellom anna alle pedagogane ved dei vidaregåande skulane, reinhaldarane, driftspersonale, merkantilt tilsette og miljøarbeidarane. I lønsskapittel 5 inngår mellom anna tannlegane, ingeniørane og ulike kategoriar rådgjevarar. Leiarane er innplasserte i lønsskapittel 3 i hovudtariffavtalen.

### Lønsskilnader mellom kvinner og menn

Kvinner	Menn	2022 %*	2021 %*
601 508	625 512	96,2 %	95,8 %

\* Kvinner si løn i prosent av menn si løn

Det kan vere krevjande å identifisere kjønnsbaserte lønnsforskjellar i praksis. Det er eit komplekst saksområde med ei rekke nyansar. Vi ser at dei totale lønsskilnadene mellom kvinner og menn er litt reduserte frå 2021 til 2022. Kvinner si løn i prosent av menn si løn er for 2022 på 96,2 prosent, mot 95,8 prosent i 2021. Det er ei positiv utvikling, som det vart merksemd på i lønssoppgjret i 2022. Vi ser at skilnaden mellom kvinner og menn si løn er redusert i kapittel 4 og 3, medan lønsskilnaden har auka litt i kapittel 5. Vi jobbar vidare med dette i komande lønssoppgjer, og vil bruke skilnadane for å vurdere eventuelle harmoniseringstiltak.

### Uttak av foreldrepermisjon

Totalt 273 tilsette var i foreldrepermisjon i 2022, 168 kvinner og 105 menn. Blant desse tok kvinner i snitt ut 42 veker og menn 16 veker. For 2021 var tala tilsvarande. Tala i seg sjølve gjev oss ikkje så mykje informasjon, då vi ikkje veit når barnet vart fødd, og korleis uttaket av permisjonen er planlagt for heile permisjonsuttaket. Over tid kan informasjonen venteleg gje oss eit betre oversiktsbilde av fordeling av foreldrepermisjon.

## Sertifiseringsordninga likestilt arbeidsliv

Det er lovpålagt å arbeide systematisk med likestilling, inkludering og mangfald. Vestland fylkeskommune har også eit ønske om å ta samfunnsansvaret vårt på alvor og vere ein ambassadør for dette arbeidet. I 2022 bestemde derfor overordna leining at fylkeskommunen skal sertifiserast som ei likestilt arbeidsliv-bedrift. Slik set vi den sosiale berekrafta og dei menneskelege ressursane på agendaen. Gjennom sertifiseringa ønsker vi å forbetre oss, sikre utvikling og kvalitet og å kartlegge risikoar for diskriminering og hinder for likestilling.

Sertifiseringsordninga likestilt arbeidsliv er eit arbeidsgjevarverktøy som handlar om likestilling, inkludering og mangfald i vid forstand, og som dekkjer alle diskrimineringsgrunnlag. Ordninga er sett saman av sju innsatsområde: forankring, inkluderande arbeidsmiljø, rekruttering og karriere, tilrettelegging, heiltidskultur, livsfase og likeløn. Målet er å gjere det enklare å arbeide aktivt og systematisk for auka mangfald, likestilling og inkludering og mot utanforskap og diskriminering.

Vi starta arbeidet med sertifiseringa våren 2022. Prosjektgruppa er sett saman av 15 personar som alle representerer ulike delar av verksemda. Fylkesverneombod og hovudtiltitsvalde er med i gruppa, og fleire av medlemane er leiarar. Prosjektgruppa er mangfaldig samansett.

### Prioriterte område

I løpet av 2022 har prosjektet arbeid i kartleggings- og analysefasen av sertifiseringsordninga. Vi har gjennomført ståstadsanalysar basert på sjekklister for alle dei sju innsatsområda, og slik valt ut fire prioriterte område:

#### 1. Forankring

Vi skal setje likeverd, mangfald og inkludering på agendaen. Det skal vere tema i heile verksemda, for å sikre at mangfaldsarbeidet blir ein integrert del av måten vi jobbar på. Dette innsatsområdet er ein føresetnad for å lukkast med likestillingsarbeidet. I 2023 skal vi arbeide meir med å formidle viktigheita av likestillings- og inkluderingsarbeidet ut i verksemda, gjennom blant anna informasjon i leiargruppene og einingane, intranettsaker og andre kommunikasjonskanalar. Arbeidet med ein handlingsplan for likestilling og ny organisasjonsstrategi er i gang.

#### 2. Tilrettelegging

Vestland fylkeskommune jobbar for å bli ein endå meir inkluderande arbeidsplass for dei som har behov for tilpassingar.

I 2022 starta arbeidet med å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for å identifisere risikoar for diskriminering og hinder for likestilling når det gjeld tilrettelegging. Fleire risikoar er identifiserte, og vi planlegg tiltak. I 2022 har fylkesadministrasjonen i Bergen forberedt seg til innflytting i nytt bygg, og vi har arbeida mykje med rutinar for tilrettelegging i samband med dette. Bygget er universelt utforma, men det er gjort nokre individuelle tilpassingar for å gjere lokala eigna for alle.

#### 3. Rekruttering og karriere

Vi skal leggje til rette for mangfald og likestilling i rekrutteringsprosessar og gjennom karriereløpet til den tilsette. Fylkeskommunen ønsker å tiltrekke seg kompetente medarbeidarar og vere ein attraktiv arbeidsplass for alle. Arbeidet med ROS-analyse er i gang også på dette innsatsområdet. Fleire risikoar for diskriminering og hinder for likestilling er identifiserte, og tiltak er under planlegging. Blant anna skal vi evaluere rekrutteringsprosedyren og tilhøyrande dokument for å unngå at prosessane våre hindrar likestilling og fører til diskriminering.

#### 4. Heiltidskultur

Vestland fylkeskommune har 1383 tilsette som arbeidar deltid, fleire kvinner enn menn. Heiltidskultur er eit viktig tema for oss, og fylkeskommunen skal arbeide aktivt for at tilsette unngår ufrivillig deltidsarbeid. Alle stillingar skal som hovudregel lysast ut som heiltidsstillingar. ROS-analysen på dette område er nesten fullført, og fleire moglege risikoar er identifiserte.

### Tiltak og handlingsplan

Vidare i sertifiseringsprosessen skal vi samle hovudfunna, og prosjektgruppa vil utarbeide forslag til konkrete tiltak på bakgrunn av risikoområda som er identifiserte. Vi går gjennom alle sertifiseringskrava. Vi skal evaluere alle dokument som er knytte til dei enkelte innsatsområda for å vurdere om dei er til hinder for likestilling eller bidrar til diskriminering. Målet er å gjennomføre sertifiseringa innan utgangen av 2023, basert på dei fire innsatsområda over. Vi går gjennom dei tre siste innsatsområda før resertifisering.

## Målretta arbeid mot mobbing og trakassering

Vi har i 2022 jobba mykje med innføring av og opplæring i nye varslingsrutinar og rutine for handtering av mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme. Satsinga på tiltak retta mot mobbing og trakassering vil bli følgt opp i ei ny medarbeiderundersøking i 2023.

## Antirasistisk sone

Vestland fylkeskommune har gjort vedtak om at Vestland skal vere ei antirasistisk sone. Arbeidet knytt til dette handlar om kva vi gjer eller ikkje gjer, som arbeidsgjevar, oppdragsgjevar, tenesteleverandør og samfunnsutviklar for å hindre rasisme og bidra til likeverd. Dei ulike einingane har hatt ansvar for sine område, og mykje av arbeidet har til no vore konsentrert om å få på plass gode rutinar. Arbeidet held fram, og vi skal lage eit nytt handlingsprogram til fylkestinget i juni 2023.

## Samla vurdering av arbeidet med likestilling, likeverd og inkludering

Likestillings- og mangfaldsarbeid skal vere ein integrert del av fylkeskommunen sin måte å tenke og jobbe på. Det krev kontinuerleg arbeid og kompetanseheving over tid. Sertifiseringa gir Vestland fylkeskommune som arbeidsgjevar konkrete verktøy å arbeide med, men sertifiseringa er ikkje målet i seg sjølv. Heile organisasjonen må dra i same retning, handling, tiltak og effekt vil vere målet framover.

# Styring og kontroll av verksemda

Arbeidet med styring og kontroll av verksemda skjer systematisk og målretta gjennom oppfølging av drifta med risikovurderingar og andre kontrolltiltak. I 2022 har det særleg vore merksemd på ulike aspekt knytt til samfunnssikkerheit.

## Samfunnssikkerheit

Vestland fylkeskommune er ansvarleg for betydeleg tenesteproduksjon for befolkninga i fylket, gjennom drift av vidaregåande skular, tannklinikkar, fylkesveggar og kollektivtrafikk. Vi pliktar å oppretthalde tenesteproduksjonen under uønska hendingar og skal vere budde på å handtere slike.

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) er tydleg på at det hastar meir enn tidlegare å implementere risikoreduserande tiltak. Dette på grunn av eit utfordrande risikobilete, som skapar stor usikkerheit. For å kunne jobbe meir førebyggjande med sikkerheit framover, starta avdeling for IKT og digitalisering arbeidet med å auke kompetansen innan beredskap og IKT i 2022. Fagmiljøet for personvern, beredskap og informasjonssikkerheit vart samla i avdelinga dette året. Satsinga på meir kompetanse innan beredskap og IKT-sikkerheit vil gjere fylkeskommunen i endå betre stand til å setje i verk grunnleggjande sikkerheitstiltak.

Vi har sett i gang og gjennomført viktige prosessar innan sikkerheits- og beredskapsarbeid i 2022. På grunnlag av ROS-analysen på overordna nivå, er det laga ein plan for gjennomføring av risikoreduserande tiltak, som vi skal prioritere dei komande åra.

Fylkestingsvalet i 2023 blir det første valet fylkeskommunen gjennomfører med eigen teljesentral. I tillegg er det auka trussel rundt ekstern påverknad av valet eller påverknad med mål om å svekke tilliten til valgjennomføringa. Vi har difor gjennomført ROS-analyse for dei to første fasane i valet, og for den tekniske delen av valgjennomføringa. ROS-analyse for den siste fasen av valet startar i februar 2023. Vi set inn tiltak der analysen seier det. Fylkesdirektøren har implementert råda i sikkerheitsrettleiaren frå Valdirektoratet i arbeidet, og har i tillegg valt å innføre tiltak på eit høgare sikkerheitsnivå enn rettleiaren legg til grunn.

Avdeling for infrastruktur og veg har teke i bruk krisehandteringsverktøyet CIM, og det er starta ein prosess for å implementere verktøyet i resten av organisasjonen. Det er gjennomført beredskapsøvingar på fleire nivå i organisasjonen.

I samband med Nasjonal sikkerhetsmånad i oktober lagde vi fleire intranettsaker om ulike dimensjonar ved datasikkerheit. Vi fekk òg eit føredrag om datasikkerheit og sikkerheitskultur frå Roar Thon, fagdirektør for sikkerheitskultur i Nasjonal sikkerhetsmyndighet.

Alle tilsette har fått tilsendt ein kurspakke innan IKT-sikkerheit og personvern i 2021 og 2022. Kursa har bidrege til å auke kunnskapsnivået til dei tilsette om kjente risikofaktorar, og mellom anna gjort dei i stand til å gjere eigne vurderingar av innhald som vert sendt på e-post.

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha eige personvernombod. Alle avdelingane har i tillegg personvernkoordi-

natorar som handterer aktuelle oppgåver og problemstillingar i dei ulike einingane, i nært samarbeid med personvernombodet og personvernrådgjever.

### Nøkkeltal for arbeidet med samfunnssikkerheit

Oversikt avvik	2020	2021	2022
Tal registrerte avvik, informasjonssikkerheit og personvern	24	29	26
Avvik melde til Datatilsynet, informasjonssikkerheit og personvern	13	7	6

## Kontrollutvalet

Etter kommunelova § 23-1 skal kontrollutvalet føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegner av fylkestinget. Dette vert mellom anna gjort gjennom rekneskapsrevisjon, eigarskapskontrollar (tidlegare kalla selskapskontrollar) og forvaltingsrevisjonar.

Fylkestinget handsama ingen eigarskapskontrollar etter innstilling frå kontrollutvalet i 2022. Kontrollutvalet har bestilt overordna eigarskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Vestland fylkeskommune, der rapport skal leggjast fram for fylkestinget hausten 2023. Fylkestinget handsama tre forvaltningsrevisjonar etter innstilling frå kontrollutvalet i 2022. Kontrollutvalet gav også uttale til årsrekneskapa for 2021 for Vestland fylkeskommune.

Vidare følgde kontrollutvalet opp ei rekke tidlegare gjennomførte forvaltingsrevisjonar og eigarskapskontrollar i løpet av året.

## Etikk, habilitet og antikorrupsjon

Dei etiske retningslinjene i Vestland fylkeskommune har i 2022 gått gjennom ein omfattande revisjon. Målsettinga har vore å gjere retningslinjene tydelegare og enklare å forstå, samstundes som nokre nye element er komne til, mellom anna knytt til varslings- og korrupsjon. Dokumentet er også supplert med ei lenkesamling, slik at det er lett å finne andre relevante rutinar og reglement.

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova § 48 femte ledd. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkje og opptre etisk òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt og opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar verktøyet Antikorrupsjonshåndbok for kommuner. Handboka er lagt ut i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

Etikk, habilitet og arbeid med antikorrupsjon var tema på samling for alle leiarane i sentraladministrasjonen hausten 2022. Vidare er det gjennomført lynlæringskurs i dei nye etiske retningslinjene via e-post til alle tilsette. I snitt har om lag 2600 tilsette fullført heile opplæringa. Fylkesdirektøren vil gjennomføre ny slik opplæring i 2023.

## Varsling

På bakgrunn av erfaringane frå tidlegare varslings saker, har vi i 2022 arbeidd med å revidere varslingsrutinen og prosedyrar for handsaming og oppfølging av varsel. Målet er tydelegare innretting av arbeidet, rollar og ansvar og å sikre rettstryggleik og framdrift i sakene.

Alle varsel skal etter dette gå til det sentrale varslingsutvalet, som i 2022 har hatt fire tilsette som medlemmar. I tillegg har fylkeshovudverneombodet vore uavhengig og rådgjevande medlem. Seksjon for juridiske tenester (frå 1. november 2022 ny juridisk seksjon) har fungert som sekretariat for utvalet.

I 2022 fekk varslingsutvalet inn 14 saker. Åtte av sakene dreidde seg om påstandar om trakassering eller anna utilbørlig åtferd og/eller uforsvarleg arbeidsmiljø. To saker dreidde seg om påstandar om gjengjelding. Elles var det saker med påstand om brot på regelverket ved tilsetjing, påstand om økonomisk misleghald, påstand om brot på reglane om overtidsarbeid og påstand om mangelfullt tilbod til elevar.

Varsling og helsefremjande arbeidsmiljø var tema på samling for alle leiarane i sentraladministrasjonen hausten 2022.

## Rapportering om internkontroll og statleg tilsyn

Med heimel i kommunelova § 25-2 vil fylkesdirektøren med dette rapportere til fylkestinget om internkontroll og resultat av statlege tilsyn.

Fylkestinget har vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Her er det regulert kva mynde som er delegert til dei ein skilde folkevalde organa, og kva mynde som er delegert til fylkesdirektøren. Dette omfattar også delegering etter særlov. Fylkestinget har på denne måten fastsett rammeverket for korleis fylkeskommunen skal etterleve lover og forskrifter.

Fylkesdirektøren har på si side utarbeidd administrativ fullmaktsmatrise som syner korleis mynden er delegert vidare i organisasjonen. Kvar avdeling har også egne rutinar og

instruksar for korleis mynde er delegert i den einsskildede avdeling. Dette er dokumentert i kvalitetssystemet. Vidare overvaker fylkesdirektøren rettsutviklinga, og ser til at endringar vert implementerte både i reglement vedtekne av fylkestinget og i den administrative fullmaktsmatrisa.

Sjølv om vedtaksoppfølging ikkje er nemnt i kommunelova § 25-1, har fylkesdirektøren i samsvar med kommunelova § 13-1 fjerde ledd, administrative rutinar for dette. Til dømes rapporterer fylkesdirektøren kvartalsvis til fylkestinget om oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak. Dersom avvik

oppstår har fylkeskommunen rutinar for korleis dette skal handterast og lukkast.

Fylkesdirektøren har i 2022 gjennomgått den heilskaplege rapporteringa for internkontroll for å systematisere denne ytterlegare. Fylkesdirektøren ser det som tenleg å kople arbeidet med internkontroll tettare opp mot risiko- og sårbarheitsanalysar og samfunnssikkerheit. Som resultat av dette vert det overordna operative ansvaret for internkontroll organisatorisk lagt til seksjon for sikkerheit og støtteteneser i avdeling for IKT og digitalisering frå 1. januar 2023.

## Statlege tilsyn

Vestland fylkeskommune har hatt ei rekke eksterne tilsyn i 2022. Mange av tilsyna er knytte til skuleanlegga, i form av lokale branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn og anna. I 2022 har det vore statlege tilsyn og revisjonar/sertifiseringar i regi av Statsforvaltaren, Arbeidstilsynet, Mattilsynet og ulike sertifiseringsinstitusjonar opp mot drifta ved dei vidaregåande skulane.

**Status for dei aktuelle tilsyna går fram her:**

### Voss gymnas og Sogndal vgs.

**Tilsynsmynde:** Statsforvaltaren

**År:** 2022

**Tema/rapporterte avvik:**

Gratisprinsippet i vidaregåande opplæring. Statsforvaltaren finn at Vestland fylkeskommune ikkje etterlever krava i regelverket. Fylkeskommunen må sikre at turar som er del av opplæringa, er gratis for elevar og foreldre, og at gåver og andre bidrag er reelt frivillige.

**Status:**

Vestland fylkeskommune har gjeve tilsvar innan frist og fekk endeleg vedtak med pålegg om retting 07.02.23. Frist for retting av pålegga er 03.04.23. Nye retningslinjer er under utarbeiding, pågåande prosess.

**Eining:** Åsane vgs.

**Tilsynsmynde:** Statsforvaltaren

**År:** 2022

**Tema/rapporterte avvik:**

Opplæringslova § 9A. Statsforvaltaren påpeikar at fylkeskommunen gjennom internkontroll må sikre at

- alle som arbeider på skulen varslar ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen
- alle som arbeider på skulen varslar i tide i samsvar med saka si alvorsgrad
- skulen må dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta
- skuleeigar må avdekke og følgje opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt
- skulen gjennomfører dei undersøkingar ein med rimelegheit kan forvente i skulemiljø saker
- skulen og skuleeigar dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta
- skuleeigar avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt

**Status:**

Frist for svar til Statsforvaltaren er 21.04.23. Det vert arbeidd med å korrigere prosedyrar.

Pågåande prosess.

**Eining:** **Hyssingen produksjonsskole**  
**Tilsynsmynde:** **Mattilsynet**  
**År:** **2022**  
**Tema/rapporterte avvik:**  
Tilsyn med drift av kafé og bakeri. Krav om betre merking av allergen i produkta.  
**Status:**  
Tiltak gjennomført, saka avslutta.

**Eining:** **Avdeling for infrastruktur og veg**  
**Tilsynsmynde:** **Arbeidstilsynet**  
**År:** **2022**  
**Tema/rapporterte avvik:**  
Arbeidsulukke ved anleggsplass Seimsdaltunnelen.  
**Status:**  
Ingen avvik/pålegg om retting, saka avslutta.

**Eining:** **Avdeling for infrastruktur og veg**  
**Tilsynsmynde:** **Arbeidstilsynet**  
**År:** **2022**  
**Tema/rapporterte avvik:**  
Folgefonnntunnelen–Årsnes. Tilsyn knytt til SHA(sikkerheit, helse og arbeidsmiljø)-plan for prosjektet og dokumentasjon/oppfølging av forebyggjande tiltak for forsvarlege arbeidstidsordningar på anleggsplassen. Fann mangelfull SHA-plan/varsel om pålegg.  
**Status:**  
Dokumentasjon ettersendt, varsel om pålegg vert ikkje følgd opp vidare, saka avslutta.

**Eining:** **Eigedomsavdelinga/Mo og Øyrane vgs.**  
**Tilsynsmynde:** **Mattilsynet**  
**År:** **2022**  
**Tema/rapporterte avvik:**  
Årleg innrapportering for vassforsyningssystem.  
**Status:**  
Ingen avvik, saka avslutta.

**Eining:** **Innkjøpsseksjonen, eigedomsavdelinga, avdeling for infrastruktur og veg, Bybanen utbygging**  
**Tilsynsmynde:** **Arbeidstilsynet**  
**År:** **2022**  
**Tema/rapporterte avvik:**  
Knytt til forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Spørsmål om korleis Vestland fylkeskommune gjennomfører nødvendig kontroll med inngåtte kontraktar, kven verksemda inngår kontraktar med og innhaldet i kontraktane knytt til løns- og arbeidsvilkår.  
**Status:**  
Ingen avvik, saka avslutta.

**Eining:** **Eigedomsavdelinga**  
**Tilsynsmynde:** **Arbeidstilsynet**

**År:** 2021

**Tema/rapporterte avvik:**

Tilsyn relatert til rutinar for handsaming av asbest. To avvik:

1. Manglande opplæring av driftsleiarar i handsaming av mellom anna asbest ved eksempelvis ombygging av lokale.
2. Manglar i HMS-rutinar for kartlegging av mogleg asbestkjelde ved oppdragsarbeid.

**Status:**

Begge avvik lukka. Gjennomført kurs i kunnskap og kjennskap om asbest for tilsette i seksjon drift og vedlikehald. HMS-rutinane er oppdaterte og gjort kjent i driftsorganisasjonen og sendt til rammeleve-  
randørar av handverkartener. Saka er avslutta.

**Eining:**

**Skyss**

**Tilsynsmynde:**

**Statens vegvesen**

**År:**

**2021**

**Tema/rapporterte avvik:**

Gjeld oppfølging av forskrift 25.2.16 nr. 193 om busspassasjerar sine rettar. §5 vektartenesta ved Bergen busstasjon. Ber Skyss gjere greie for korleis dei vil sikre at personellet får spesifisert opplæring til å utføre assistanse til personar med nedsett funksjonsevne eller redusert mobilitet.

**Status:**

Skyss har svart tilsynet at det vert arbeidd med opplæringsmateriell, organisering og gjennomføring av opplæring. Pågåande prosess.

**Eining:**

**Skyss**

**Tilsynsmynde:**

**Arbeidstilsynet**

**År:**

**2018**

**Tema/rapporterte avvik:**

Tilsyn relatert til bussførarplassens arbeidsmiljø og tryggleik. Skyss har ifølge Arbeidstilsynet eit ansvar som oppdragsgjevar, medan Nettbuss (no Vy) har arbeidsgjevaransvaret.

**Status:**

Tilsynet har konkludert med at det ikkje er grunn til å gje pålegg til Skyss, men det vert stilt krav om opplysingar om vidare samarbeid med operatørane. Pågåande prosess.



# Økonomisk resultat

Vestland fylkeskommune hadde eit mindreforbruk i drifta på 260,1 mill. kr i 2022. Netto driftsresultat vart 7,5 prosent, noko lågare enn i 2021. Hovudårsaka til det gode resultatet er auka skatteinngang, høge kraftinntekter og statleg støtte til drift av kollektivtrafikken. Samla aukar disposisjonsfondet med 371,6 mill. kr etter at mindreforbruket i 2022 er lagt til.

## Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2021	Reknesk. 2022	Budsjett 2022
+ Skatt og rammetilskot	11 150,9	11 532,0	11 155,9
+ Andre driftsinntekter	4 366,9	5 518,4	3 227,7
- Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	13 246,4	14 832,8	13 006,4
= <b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 271,4</b>	<b>2 217,6</b>	<b>1 377,2</b>
- Netto renteutgifter	153,2	139,2	202,3
- Avdrag	699,8	800,0	800,0
= <b>Netto driftsresultat</b>	<b>1 418,4</b>	<b>1 278,3</b>	<b>374,9</b>
Driftsmidl. til investeringar	750,7	869,8	869,6
Avsetjing til bundne fond (netto)	80,6	37,0	-164,2
Avsetjing til disp.fond (netto)	587,1	371,6	-330,6
<b>Sum disponeringar</b>	<b>1 418,4</b>	<b>1 278,3</b>	<b>374,9</b>

Driftsrekneskapen for 2022 vart gjort opp i balanse, i samsvar med rekneskapsforskriftene. Ved rekneskapsavslutninga vart det sett av 260,1 mill. kr til disposisjonsfond. Vidare strauk ein all bruk av disposisjonsfond på totalt 354,5 mill. kr, i samsvar med rekneskapsføresegnene.

## Budsjettavvik

Det viktigaste bidraget til det gode resultatet kom frå sentrale inntekter. Skatteinntektene auka med 9,4 prosent frå 2021 til 2022. Skatt og inntektsutjamning vart 282,8 mill. kr høgare enn budsjettet. Også i rammetilskot fekk fylkeskommunen meir enn budsjettet. Det kom ei ekstrautbetaling i desember på 93,3 mill. kr. Det var den siste utbetalinga av kompensasjon for meirutgifter og tapte inntekter under pandemien.

Bokførte inntekter frå konsesjonskraft enda 105 mill. kr over budsjettet. Utbetalinga frå Havbruksfondet vart 51,8 mill. kr høgare enn budsjettet. Til saman gav desse frie inntektene meirinntekter på opp mot 428 mill. kr.

Drifta i dei ulike sektorane kom samla sett ut nokså nær budsjettet. Infrastruktur og veg hadde ei overskriding på 40,3 mill. kr, medan dei fleste andre sektorane hadde mindre innsparingar.

Opplæring og kompetanse hadde ei innsparing på 13,9 mill. kr, etter at skulane har sett av mindreforbruk til disposisjonsfond. Skulane sine disposisjonsfond auka med 43 mill. kr til 153 mill. kr. I summen inngår innsparing på 36 mill. kr, som følgje av streik.

Mobilitet og kollektiv hadde ei innsparing på 9,9 mill. kr.


Tabellen summerer opp budsjettavvik på sektorane:

Sektor	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk styring og kontrollorgan	54,7	62,1	7,4
Organisasjon og økonomi	705,4	722,9	17,5
IKT og digitalisering	193,8	189,8	-3,9
Tannhelse	303,3	304,5	1,2
Næring, plan og innovasjon	204,1	206,5	2,4
Opplæring og kompetanse	3 490,2	3 504,1	13,9
Kultur og folkehelse	359,1	359,3	0,2
Mobilitet og kollektivtransport	2 896,2	2 906,1	9,9
Infrastruktur og veg	1 454,2	1 413,9	-40,3
Fellesinntekter og -utgifter	-9 921,1	-9 669,2	251,9
<b>Sum</b>	<b>-260,1</b>	<b>0,0</b>	<b>260,1</b>

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Det viser kva vi har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag, er dekkja. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere fire prosent av driftsinntektene.

I opphavleg budsjett var netto driftsresultat 4,2 prosent, men det gjekk vesentleg betre, og rekneskapan enda opp med eit netto driftsresultat på 7,5 prosent. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for fylkeskommunane vart 6,3 prosent i 2022.



Vestland fylkeskommune har kvart år lege over gjennomsnittet for fylkeskommunane, men avstanden er blitt mindre i 2022.

## Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter fordeler seg slik på avdelingar/sektorar:

Mill. kr	2021	2022
Politisk styring og kontrollorgan	59,3	59,0
Organisasjon og økonomi	823,1	886,1
IKT og digitalisering	222,2	242,4
Tannhelse	428,1	470,8
Næring, plan og innovasjon	542,3	458,0
Opplæring og kompetanse	4 269,9	4 261,3
Kultur og folkehelse	718,9	685,3
Mobilitet og kollektivtransport	4 225,4	4 542,1
Infrastruktur og veg	1 638,8	1 902,5
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>12 927,9</b>	<b>13 507,5</b>

Mobilitet og kollektivtransport er i 2022 blitt den største sektoren målt etter brutto driftsutgifter. Tidlegare har opplæring og kompetanse vore størst.

## Finansielle måltal

I budsjettet er det sett opp fire finansielle måltal. Det er nøkkeltal som gir indikasjonar på den økonomiske stoda. Alle tala er rekna i prosent av sum driftsinntekter.

	2021	2022	Mål
Netto driftsresultat	9,1 %	7,5 %	4 %
Netto gjeldsgrad	90,3 %	88,6 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	5,9 %	6,4 %	5 %
Disposisjonsfond	11,7 %	12,9 %	10 %

Store meirinntekter gjorde at netto driftsresultat kom opp i 7,5 prosent i 2022.

Eit mål som har hatt mykje merksemd, er at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 prosent. Det er eit mål som gjeld for økonomiplanperioden. Tilrådd nivå for dette måltalet er 75 prosent.

I 2022 auka driftsinntektene meir enn gjelda, og netto gjeldsgrad gjekk ned til 88,6 prosent. Dette er tredje året på rad med nedgang i gjeldsgraden. Investeringane det er lagt opp til i komande økonomiplanperiode, medfører likevel at gjeldsgraden vil auke opp mot det vedtekne nivået på 115 prosent.

Rente- og avdragsbelastning kan vere ein interessant storleik, til dømes når vi samanliknar med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, jo mindre har vi igjen til anna drift. Men det er ikkje nødvendigvis slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betalte i 2022 387 mill. kr meir i avdrag enn minimumsavdraget vi var pliktige til etter kommunelova. På kort sikt kunne vi difor sett ned avdragsbetalinga og fått lågare rente- og avdragsbelastning. På lengre sikt kan det likevel vere fornuftig å betale høgare avdrag for å bremse veksten i gjelda.

Som følge av det gode resultatet i 2022 auka disposisjonsfonda til 12,9 prosent av driftsinntektene. Det gjev fylkeskommunen ein god «buffer».

## Resultat 2022 samanlikna med tidlegare år

Vestland fylkeskommune starta drifta i 2020 som ein ny organisasjon. Det er dermed vanskeleg å få samanliknbare tal over ein tidsserie mellom Vestland sine første driftsår og dei føregåande driftsåra for dei to tidlegare fylkeskommunane. Finansiering av fylkeskommunane vart også lagt om frå 2020 gjennom endringar i inntektssystemet. I tillegg vart ordninga med sams vegadministrasjon avvikla frå 2020.

Tabellen og omtalen framfor viser nokre overordna nøkkeltal over utviklinga frå 2021 til 2022. Det viser at resultatet i 2022 var på linje med dei to første åra i Vestland fylkeskommune.

For fleire av nøkkeltala er det positiv utvikling frå 2021 til 2022. Netto driftsresultat gjekk ned med 1,6 prosentpoeng, men var også i 2022 på høgt nivå og over tilrådd nivå med god margin.

## Vurdering av den økonomiske stillinga

Sidan starten for Vestland fylkeskommune i 2020 har vi ved kvar budsjetthandsaming opplevd å vere i ein krevjande økonomisk situasjon. Men kvart år har rekneskapan synt at vi kom betre ut enn vi rapporterte gjennom året. Særleg dei to siste åra har skatteinntektene mot slutten av året vore høgare enn budsjettet.

Vestland fylkeskommune har hatt solide netto driftsresultat, god likviditet og veksande disposisjonsfond. På grunnlag av dette må vi kunne seie at den økonomiske stillinga er relativt god. Lånegjelda har auka, men veksten i driftsinntektene har vore sterkare, slik at vi har hatt ein svak nedgang i gjeldsgraden.

Framleis er det likevel store utfordringar når vi ser framover. Overgang til utsleppsfri drift av snøggåttane vil medføre auka driftsutgifter. Vidare er det grunn til uro over kostnadsutviklinga for driftskontraktane på fylkesvegane. For investeringane har vi sett ei prisstiging som ligg langt over det kommunesektoren har fått kompensert gjennom den kommunale deflatoren.

Rentenivået auka kraftig i 2022, og ser enno ikkje ut til å ha nådd toppen. Med investeringsnivået det er lagt opp til i økonomiplanen, vil veksten i lånegjelda bli tyngjande.

## Investeringar

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2021	Reknesk. 2022	Budsjett 2022
Administrasjonslokale	324,4	426,3	514,4
Opplæring og kompetanse	503,5	1 032,3	1 043,5
Andre bygningar og utstyr	108,9	192,6	184,1
Mobilitet og kollektivtransport	3 352,5	2 013,8	1 134,7
Infrastruktur og veg	2 028,0	2 343,5	2 214,1
Aksjar og avdrag på lån	26,2	32,0	32,0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>6 343,5</b>	<b>6 040,5</b>	<b>5 122,8</b>

	Reknesk. 2021	Reknesk. 2022	Budsjett 2022
<b>Finansiering:</b>			
Kompensasjon mva.	388,1	546,5	745,8
Tilskot og refusjonar	3 385,2	1 609,6	1 573,9
Sal/refusjonar	141,4	1 096,9	
Sal av anleggsmidlar	15,7	19,8	15,7
Mottatt avdrag på utlån	23,5	32,0	32,0
Bruk av lån	1 226,9	1 885,8	1 885,8
Overført frå drift	750,7	869,8	869,6
Bundne investeringsfond (netto)	8,4	-83,1	0,0
Ubundne investeringsfond (netto)	403,6	0,0	0,0
Udekka		63,2	
<b>Sum finansiering</b>	<b>6 343,5</b>	<b>6 040,5</b>	<b>5 122,8</b>

Investeringsrekneskapan viser totale utgifter på 6 040,5 mill. kr. Tabellen viser avvik mellom budsjett og rekneskap. Noko av avviket skuldast at utgifter til den statlege sykkelstamvegen i Bergen, som er bygt i regi av Bybanen utbygging, kjem med på utgiftssida utan at dette er teke omsyn til i budsjettet. Midlane er refunderte frå staten og kjem fram som del av summen for refusjonar.

Tilsvarende gjeld også for bompengeprojekt, der utgifter og bompengeinntekter aukar rekneskapan utan at budsjettet er tilsvarende justert. Desse tekniske tilhøva gjer at det er avvik mellom budsjett og rekneskap for postane mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg på utgiftssida og for postane tilskot og refusjonar og sal/refusjonar på finansieringssida. Investeringsrekneskapan er gjort opp med ein udekka sum på 63,2 mill. kr. I samsvar med rekneskapsføresegnene må den udekka summen førast opp til dekning i investeringsbudsjettet for det året rekneskapan vert lagt fram, altså i investeringsbudsjettet for 2023.

Dei to avdelingane mobilitet og kollektivtransport og infrastruktur og veg stod for 72 prosent av fylkeskommunen sine investeringar. Det gjekk med 1 750 mill. kr til bybane til Fyllingsdalen i 2022. Parallelt med bybanespolet vert det bygd ein sykkelstamveg som vert finansiert av staten. Av store utgiftspostar under infrastruktur og veg kan nemnast

rassikring med 324 mill. kr, Miljøøftet med 641 mill. kr, rehabilitering og oppgradering av tunnelar med 195 mill. kr, Nordhordlandspakken med 205 mill. kr og Askøypakken med 141 mill. kr. Det er brukt 208 mill. kr til gang- og sykkelveggar.

Dei største prosjekta under opplæring var Førde vgs./Campus Førde med 355 mill. kr og Askøy vgs. med 284 mill. kr.

Investeringane vert finansierte frå fleire ulike kjelder. Bompengar utgjorde 1 423 mill. kr. Av bompengane gjekk 824 mill. kr til bybaneutbygging og 599 mill. kr til veginvesteringar. 1 885,8 mill. kr av investeringsutgiftene vart finansierte med lån og 869,8 mill. kr med midlar frå drifta.

## Utvalde tal frå balansen

Tal i mill. kr

	2021	2022
Bankinnskot og kontantar	4 340,3	5 050,2
Obligasjonsfond	218,6	215,1
<b>Sum likvide midlar</b>	<b>4 558,9</b>	<b>5 265,3</b>
Disposisjonsfond	1 820,7	2 192,3
Bundne driftsfond	1 104,2	1 141,1
Ubundne investeringsfond	60,8	60,8
Bundne investeringsfond	219,2	302,3
Udekka i investeringsrekn.		-63,2
<b>Sum fond</b>	<b>3 204,9</b>	<b>3 633,3</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>14 450,1</b>	<b>15 315,9</b>

### Likviditet

Sum likvide midlar var 5 265,3 mill. kr ved utgangen av 2022. Fylkeskommunen har med dette svært god likviditet. Ei viktig forklaring på dette er midlane som er på fond.

### Fond

Sum fond utgjorde 3 633,3 mill. kr ved utgangen av året. Det er ein auke på 428,4 mill. kr. Disposisjonsfond auka monaleg og kom opp i 2 192,3 mill. kr. Ved årsavslutninga kunne vi av-

setje eit mindreforbruk på 260,1 mill. kr til disposisjonsfond. All bruk av disposisjonsfond vart stroke.

Bundne driftsfond er auka med 36,9 mill. kr. Bundne investeringsfond er auka med 83 mill. kr. Storparten av bundne investeringsfond høyrer inn under infrastruktur og veg, til dømes rassikringsmidlar.

### Lån

Lån utgjorde 15 315,9 mill. kr, ein auke på 865,8 mill. kr. Netto gjeldsgrad gjekk ned frå 90,3 prosent til 88,6 prosent i 2022. Sjølv om lånegjelda auka, var veksten i driftsinntektene litt større.

## Premiss for løyving

Budsjettarbeidet for 2022 var også prega av utviklinga av pandemien, og uvisse om kor lenge han ville vare. Mot slutten av 2021 var det teikn til at tiltak kunne lettast, men uvissa var framleis stor, noko som også verka inn på budsjettarbeidet.

Den viktigaste premissen for inntektssida i budsjettet er det statlege inntektssystemet, der fylkeskommunen sitt rammetilskot kjem fram, i tillegg til kva nivå ein kan vente på skatteinntektene. Andre viktige budsjettpremissar på inntektssida er kollektivtrafikkinntektene, der den statlege kompensasjonsordninga spelte ei avgjerande rolle både i 2020 og 2021. Det var lagt opp til vidareføring av den statlege kompensasjonsordninga. Budsjettarbeidet var likevel prega av kor lenge ordninga ville vare, og om vi etter pandemien ville kome opp på nivået for kollektivtrafikkinntekter vi hadde før 2020.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjere budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

Fylkesdirektøren har utarbeidd oppdragsbrev til avdelingsdirektørane. Brev viser kva fylkesdirektøren ventar at avdelingsdirektørane skal gjennomføre i året og peiker på ansvarsområdet til direktøren, under dette samla budsjettamme. Fylkesdirektøren har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa.

### Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp, eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, per april og august. Tertialrap-

portane gjennomgår utviklinga og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjettet. Til dømes vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert. Fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruken av løyvinga både for investerings- og driftsbudsjettet.

For finanssektoren vert det lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal vert det i tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der vi ser utviklinga i året mellom anna opp mot det vedtekte finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget også det som vert kalla vedtak om verbalpunkt. Dette er politiske premissar for einskilde delar av budsjettet, for spesielle saker eller område. Verbalpunkta er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming, der framdrifta for dette arbeidet vert rapportert til fylkestinget.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesdirektøren har sektorvise møte med avdelingsdirektørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedtekte budsjett. I tillegg blir sektoren si oppfølging av fylkestinget sitt budsjettvedtak

gjennomgått, for å sikre at fylkestinget sine premissar for løyvinga vert gjennomførte.

## Vurdering av risiko

Budsjettet til Vestland fylkeskommune er stort og femner om ulike sektorar. Storleiken på sektorane varierer mykje frå opplæring og kompetanse med mange vidaregåande skular og dermed mange tilsette, til mobilitet og kollektiv som har stort budsjett, men færre tilsette ettersom kollektivtransporten er konkurranseutsett. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor.

Størst økonomisk risiko har det dei siste åra vore innanfor premissane som er lagde for kollektivtrafikkinntektene. Pandemien har hatt stor innverknad på desse inntektene dei første åra av Vestland fylkeskommune si driftstid, og den statlege kompensasjonsordninga har vore avgjerande for å unngå stor svikt i desse inntektene.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Vestland fylkeskommune har høg gjeld, og utviklinga i rentenivået er ein premiss som har stor merksemd i budsjettarbeidet. Fylkesdirektøren følgjer utviklinga i risikobiletet tett gjennom året i nært samarbeid med dei ulike fageiningane.

# KOSTRA

## Kommune – stat – rapportering

Nedanfor er nokre nøkkeltal som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte 15. mars 2023. Her kan vi samanlikne Vestland fylkeskommune med gjennomsnittet av fylkeskommunane utanom Oslo.

Tal i prosent av brutto driftsinntekter	Vestland 2021	Vestland 2022	Landet u/ Oslo 2022
Netto driftsresultat	9,1 %	7,1 %	6,3 %
Arbeidskapital	18,4 %	16,8 %	21,9 %
Netto renteeksponering	46,1 %	45,0 %	29,3 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktning	93,1 %	91,1 %	77,2 %
Fri egenkapital drift	11,7 %	13,0 %	16,1 %
Brutto investeringsutgifter	40,7 %	35,7 %	21,6 %
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale bto. inv.	80,6 %	68,6 %	65,2 %
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	17 388	17 846	15 886

Netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune vart 7,1 prosent, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 6,3 prosent.

Arbeidskapital er eit mål på likviditet. Likviditeten er vurdert å vere svært god i Vestland. Likevel ligg vi noko under landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponering gir ein indikasjon på kor mykje av gjelda til fylkeskommunen som er eksponert for rentesvingingar. Kostra-tala inneheld ikkje opplysningar om rentebinding, men ser på total gjeld og reduserer for den delen som vert oppvegen av innskot og rentekompensasjonsordningar. Når renteeksponert gjeld utgjer 45 prosent av driftsinntektene, er konsekvensen at 0,45 prosent av driftsinntektene vil gå med for å dekke inn ein renteoppgang på 1 prosentpoeng.

Tabellen over viser at langsiktig gjeld utgjer 91,1 prosent av driftsinntektene. Vestland fylkeskommune har elles for det meste nytta «netto langsiktig gjeld» i nøkkeltala sine. Då vert

gjelda redusert med utlån og unytta lånemidlar. Rekna på denne måten utgjer netto gjeld 89,8 prosent av driftsinntektene.

Fri egenkapital drift vil seie disposisjonsfond. SSB reknar at eit nøkkeltal over 8 prosent betyr stor grad av økonomisk handlefridom. Vestland har disposisjonsfond som utgjer 13 prosent av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet er på heile 16,1 prosent.

Brutto investeringsutgifter i Vestland utgjer 35,7 prosent av driftsinntektene. Det er vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet på 21,6 prosent. Men så er også eigenfinansieringa høg i Vestland. Alt anna enn lånefinansiering vert rekna som eigenfinansiering. Det betyr at både statstilskot og bompengar er definert som eigenfinansiering.

Siste linje i tabellen viser frie inntekter (dvs. skatt og rammetilskot) per innbyggjar. Vestland ligg 1 960 kr (12,3 prosent) over landsgjennomsnittet.

Vidaregåande opplæring	Vestland 2021	Vestland 2022	Landet u/ Oslo 2022
Netto driftsutgifter per innbyggjar 16–18 år	171 904	171 242	193 178
Netto driftsutg. til vidaregåande utd. av samla netto driftsutg.	39,6 %	37,4 %	46,7 %
Ungdom 16–18 år i vidaregåande opplæring	94,2 %	93,5 %	92,9 %
Elevar per skule	408	410	459
Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram	54,5 %	55,3 %	53,9 %
Elevar per lærarårsverk	8,4	8,2	8,6
Elevar	23 927	23 623	177 206
Lærlingar	6 692	6 890	45 853

Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i Vestland utgjer 171 242 kr per innbyggjar i alderen 16–18 år. Det er 11 prosent lågare enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til vidaregåande utdanning utgjer berre 37,4 prosent av dei totale driftsutgiftene til Vestland, medan landsgjennomsnittet er 46,7 prosent. Det er relativt stor skillnad. På samferdselsområdet er det motsett. Der brukar Vestland vesentleg meir enn landsgjennomsnittet.

93,5 prosent av ungdom mellom 16 og 18 år er i vidaregåande opplæring. Det er litt høgare enn gjennomsnittet for landet med 92,9 prosent. Noko større del av elevane er i yrkesfaglege utdanningsprogram i Vestland (55,3 prosent) enn gjennomsnittet for landet (53,9 prosent).

Vestland har færre elevar per skule enn landsgjennomsnittet, 410 mot 459. Elevar per lærarårsverk er 8,2 i Vestland mot 8,6 for landet.

Samferdsel Tal i kr per innbyggjar	Vestland 2021	Vestland 2022	Landet u/ Oslo 2022
Brutto driftsutgifter til samferdsel	9 986	10 783	7 174
Brutto investeringsutgifter til samferdsel	8 400	6 752	3 307
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båt, bybane)	3 219	3 559	2 396
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer	1 234	1 424	728
Netto driftsutgifter til fylkesveg per kilometer	334 420	383 187	290 520
Reiser med kollektivtransport per innbyggjar	104	130	68
Brukarar av transportordn. for funksjonsh. per 1000 innb.	23	24	22

Av tabellen går det fram at Vestland har vesentleg høgare utgifter til samferdselsføremål enn landsgjennomsnittet. Ikkje minst gjeld dette investeringar. Talet på reiser med kollektivtransport er 130 per innbyggjar. Dette er nesten dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet.

Tannhelse	Vestland 2021	Vestland 2022	Landet u/ Oslo 2022
Barn og unge 1–18 år under tilsyn	97,3 %	97,8 %	95,5 %
Eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon under tilsyn	84,4 %	87,0 %	88,9 %
Del 5-åringar utan karies	84,6 %	82,9 %	82,2 %
Gjennomsnittleg tal tenner med hol hos 12-åringar	2,10	2,00	2,28
Avtalte tannlegeårsverk per 10 000 innbyggjarar	7,9	7,8	7,9
Avtalte tannlegespesialistårsverk per 10 000 innbyggjarar	1,4	1,3	1,0
Avtalte tannpleiarårsverk per 10 000 innbyggjarar	2,4	2,5	2,0
Netto driftsutgifter per innbyggjar	490	533	580

Tala i tabellen tyder på at Vestland har ei god og effektiv tannhelseteneste. Delen barn og unge under tilsyn ligg litt over landsgjennomsnittet. Indikatorar på tannhelse mellom barn og unge kjem også godt ut. Netto driftsutgifter per innbyggjar er likevel lågare enn landsgjennomsnittet, 533 kr mot 580 kr.

# Klima- og miljørekneskap

Klimagassutsleppa går stadig tilbake. Det samla, rapporterte klimagassutsleppet frå Vestland fylkeskommune var 94 500 tonn CO<sub>2</sub> i 2022. Det er ein nedgang på om lag 4 prosent frå 98 001 tonn CO<sub>2</sub> i 2021.


Transporttenestene frå Skyss står for størstedelen (97 prosent) av klimagassutsleppa som vert rapporterte frå fylkeskommunen. Det er også her vi finn dei største bidraga til utsleppsreduksjonen. For ferjedrifta har utsleppsreduksjonane vore store over fleire år. I åra som kjem vil vedtekte tiltak innan hurtigbåt gi ytterlegare store reduksjonar i klimagassutsleppet i Vestland.

## Klima- og miljøleiing i Vestland fylkeskommune

Klima- og miljøleiinga inkluderer både arbeid med klima- og miljørekneskap for sentraladministrasjonen og alle einingane og klimabudsjett for tenesteområda. Vestland fylkeskommune følgjer opp regional plan for klima 2022–2035 med tilhøyrande årsplan. Klima- og miljøleiing er eit leiaransvar i alle avdelingar og einingar i fylkeskommunen og skal vere integrert i kvalitetssystemet. Fylkeskommunen er sertifisert som Miljøfyrtårn på konsernnivå og deltek aktivt i Klimapartnerne Vestland.

## Klimarekneskapen

Det rapporterte klimagassutsleppet til Vestland fylkeskommune inkluderer rapporterte utsleppstal for den fylkeskommunale kollektivtransporten (Skyss) og frå eiga drift av verksemda (figur 1). Det inkluderer ikkje Bybanen AS.



Figur 1: Fordeling av fylkeskommunen sitt rapportert klimagassutslepp i 2022: 94 500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

## Kollektivtenester

Det samla CO<sub>2</sub>-utsleppet frå fylkeskommunale kollektivtransport var 92 000 tonn i 2022. Det var ein nedgang på om lag 4 prosent frå 95 900 tonn CO<sub>2</sub> i 2021.

Ein stor del av klimautsleppa i Vestland har kome og kjem frå energibruk i transportsektoren. Å gå over til fossilfri framdrift i kollektivtransporten og mobilitetssystemet elles er såleis eit nødvendig bidrag for å nå både regionale og nasjonale klimamål.

Det har vore store utsleppsreduksjonane i ferjedrifta over fleire år. Nye kontraktar for ferjesambanda i Hordaland starta i 2018–2020. Forseinkingar i ferdigstilling av ladeinfrastrukturen gjer at for dei fleste sambanda vart 2022 det første året med heilelektrisk drift. Klimagassutsleppet frå ferje gjekk difor ned med om lag 30 prosent frå 2021 til 2022. Det er så langt nådd 78 prosent utsleppsreduksjon for ferjene i Hordaland, noko lågare enn venta. Skyss følgjer opp operatørane for å sikre at målsettingane vert oppfylte.




Tabell 1: CO<sub>2</sub>-utslepp frå forbrenning av fossil energi og produksjon av fornybar energi (tonn CO<sub>2</sub>). Kjelde: Skyss

Transportmiddel	2019	2020	2021	2022	Endring 21-22
Buss	43 600	28 700	18 000	21 100	17 %
Båt	46 300	44 100	44 700	47 400	6 %
Ferje	67 000	47 400	33 100	23 300	-30 %
Bybane	200	200	100	200	100 %
<b>Totalsum</b>	<b>157 100</b>	<b>120 400</b>	<b>95 900</b>	<b>92 000</b>	<b>-4 %</b>

Klimagassutsleppet frå buss har gått ned dei siste åra, for deretter å gå opp i 2022. Det heng tett saman med bruken av biodrivstoff i bergensområdet. Biodrivstoff vart teke i bruk i 2019. Men etter tilråding frå Miljødirektoratet, vart det avgjort å gå tilbake til diesel ved inngangen til 2022. Gjennom det nasjonale omsettingskravet kan vi leggje til grunn at minst 15,5 prosent av drivstoffet i bussdrifta var fornybart. I sum er klimagassutsleppet frå buss 17 prosent høgare i 2022 enn i 2021.

Vi kjøper all straum til buss og bybane med opphavsgarantiar. Med ferdigstillinga av bybanen linje 2 i 2022 gjekk klimagassutsleppet frå bybanen opp. Men når vi veit at bybanen står for kvar fjerde reise med buss og bane, er klimagassutsleppet svært lågt.


 Figur 2: CO<sub>2</sub>-utslepp frå forbrenning av fossil energi og produksjon av fornybar energi (tonn CO<sub>2</sub>), 2019–2022. Kjelde: Skyss

For båtdrifta vart det ikkje sett i verk utsleppsreducerande tiltak i 2022. Klimagassutsleppa har gått noko opp som følge av at ruteproduksjonen har normalisert seg igjen etter redusert trafikk under pandemien.

## Kvar står vi i overgangen til nullutslepp innan kollektivtransporten?

Skyss har eit mål om å basere alle transportmiddel i mobilitetssystemet vårt på nullutsleppsteknologi. Dei siste åra har det skjedd ei større utskifting av køyretøy og fartøy. Alle bybanevognene går på straum, medan 22 av 28 ferjer no er hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift. Gass- og elektriske bussar på fornybar energi utgjer til saman 20 prosent av bussane i fylket. Alle båtar vert per i dag drifta på konvensjonelt drivstoff. Dette biletet har ikkje endra seg i 2022.

Dei neste åra er det vedteke fleire tiltak for båtrotene, som vil redusere klimagassutsleppet til fylkeskommunal kollektivtransport i Vestland ytterlegare (tabell 2).

Tabell 2: Vedtekne tiltak innan båttruter innan 2026


Båtrute	Oppstart	Utsleppskutt
Lokale båttruter i Sogn og Fjordane	mellom desember 2023 og mai 2024	2 400 tonn CO <sub>2</sub>
Askøy- og Nordhordlandsruta	mellom juni 2024 og januar 2025	2 700 tonn CO <sub>2</sub>
Båtrutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm	desember 2025 og desember 2026	17 000 tonn CO <sub>2</sub>

Med dei vedtekne tiltaka vil om lag 45 prosent av båtane i kollektivtransporten i Vestland nytte straum som hovudenergiberar innan 2026. Det gjev eit estimert kutt i klimagassutsleppet på 25 prosent samanlikna med 2022.

Vi arbeider med å greie ut nye tiltak for dei resterande klimagassutsleppa. Dagens kontraktar for ferje i Sogn og Fjordane, båtkontraktane i Hordaland og busskontraktane i distrikt skal i hovudsak alle fornyast innan 2029.

Klimagassutsleppet frå den fylkeskommunale drifta auka med om lag 19 prosent frå 2021 til 2022. Auken kjem hovudsakleg frå tenestereiser med fly, køyring med privat bil og fylkeskommunale køyretøy.


Klimagassutslepp frå oppvarming kjem frå bruk av fjernvarme, biomasse og gass (LPG). Flisfyring gir varme til Voss gymnas, Voss vidaregåande skule, Stend vidaregåande skule og Tertnes vidaregåande skule. Noko bioolje blir nytta som back-up.



Figur 3: CO<sub>2</sub>-utslepp etter transportmiddel: Prognose 2026/2027

## Fylkeskommunal drift

Utsleppa frå eiga drift står for om lag 3 prosent av det rapporterte klimagassutsleppet. Det inkluderer køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser og energibruk i bygg.



Figur 4: CO<sub>2</sub>-utslepp frå transport i eiga drift og energibruk i fylkeskommunale bygg. Aukar med 19 prosent frå 2021–2022.

Tabell 3: CO<sub>2</sub>-utslepp frå eiga drift og energibruk i fylkeskommunale bygg.


	2020 (tonn CO <sub>2</sub> )	2021 (tonn CO <sub>2</sub> )	2022 (tonn CO <sub>2</sub> )	Endring 2021-2022	Kommentar
VLFK-køyretøy	917	1084	1100	1 %	VLFK-køyretøy inkluderer forbruk av drivstoff (diesel, bensin, biodrivstoff) frå alle køyretøy i VLFK (personbil, varebil, større køyretøy, maskinar og båtar). Nyttar Miljødirektoratet sine faktorar for å rekne CO <sub>2</sub> -utslepp.
Km-godtgjersle	326	308	370	20 %	Køyring med privat bil i teneste.
Flyreiser	145	152	590	288 %	Reiser innanlands er framleis størst og utgjør 71 prosent.
Fjernvarme og fjernkjøling	286	382	370,0	-3 %	Fjernvarme som del av energimiksen har auka frå 17,8 prosent til 20,1 prosent i 2020.
Biomasse til oppvarming	51	47	38,0	-19 %	Flisfyring ved fire skular. Standard faktor frå Sintef-ZEB: 14 g pr kWh
Bioolje	3	48	6,7	-86 %	No berre nytta som back-up ved Bømlø vgs.
LPG (propan og butan)	99	80	25,5	-68 %	Ved Stend vgs. og Knarvik vgs.
<b>Totalsum</b>	<b>1827</b>	<b>2101</b>	<b>2500</b>	<b>19 %</b>	

## Fylkeskommunale klimagass-utslepp frå bygg og anlegg

Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygging av bygg og infrastruktur. Utslepp frå innkjøpte tenester og materiell innan bygg og infrastruktur står for ein stor del av det totale klimafotavtrykket til fylkeskommunen (Klimakost, Asplan Viak).

### Bybanen utbygging

Eininga er i gang med elektrifisering av anleggsplassen, og entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggsplass i byggjesteg 4 mellom Fyllingsdalen og Bergen sentrum. Bybanen utbygging stiller krav om at all produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 prosent fornybar energi, og at all persontransport skal utførast med nullutsléppsbilar. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart om lag 91 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.



Figur 5: Klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune 2019–2021 med KOSTRA-kodar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (Asplan Viak). Post 500 vidaregåande opplæring omfattar mellom anna rehabilitering og utbygging av skular i regi av eigedomsseksjonen.

## Avdeling for infrastruktur og veg

Avdelinga har fått Klimasats-støtte til eit forprosjekt for å kartlegge korleis vi kan redusere klimafotavtrykket til fylkesvegane. Det skal òg sjå på moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt.

Avdelinga har i tillegg fått støtte til ei toårig prosjektstilling, som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Klimabudsjett og verktøyet VegLCA vil bli tatt i bruk i prosjektet. Utgangspunktet for arbeidet vil vere resultatata frå forprosjektet for lågutslepps fylkesvegar. Avdelinga har standardkrav for miljø i kontraktar om el-drift i tunell og månadleg rapportering av energibruk.

I samband med vedteken drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet, starta vi i 2022 pilotar for å redusere driftskostnadane og klimagassutsleppa og å forlenge levetida på fylkesvegane. Ein av pilotane er ny strategi for veglys, som ved gjennomføring vil gi årleg reduksjon i klimagassutslepp med i overkant 4000 tonn CO<sub>2</sub>. Det utgjer godt over ei halve-

ring av klimagassutslepp knytt til veglys per i dag. Avdelinga deltek også i eit FoU-prosjekt i regi av Statens vegvesen om å få klimahandtering inn i samfunnsanalysane.

## Eigedom

Eigedomsavdelinga har ein eigen kravspesifikasjon for miljø. Denne skildrar overordna miljøprofil for store byggeprosjekt mellom anna ved at bygget skal BREEAM-sertifiserast til nivå Excellent, i høve BREEAM-NOR. Det er vidare presisert at bygg skal utviklast som eit nær-nullutsleppsbygg for driftsfase, med søkjelys på netto energibehov, og om det er mogleg med lokal energiproduksjon.

Klimafotavtrykket skal bereknast med CO<sub>2</sub>-ekvivalentar for bygget og skal vere maksimalt 500-410 kg CO<sub>2</sub>/m<sup>2</sup>. Der eksisterande bygningsmasse/materialar/komponentar kan ombrukast, tel ombruk med i rekneskapen. Bygningen vert ført opp med omfattande bruk av tre i beresystem og bygningskonstruksjon. Anleggsmaskiner som vert nytta i prosjektet skal vere delvis utsleppsfrie. Overordna krav for anleggsmaskinar er at 10 prosent av energien som vert brukt er elektrisk energi.

# Nøkkeltal klima- og miljøleining 2022

Grunnlaget for å rekne ut det direkte utsleppet av CO<sub>2</sub> frå fylkeskommunal verksemd er årleg registrering av ulike miljøfaktorar. Miljøsertifisering er det sentrale verktøyet for å få implementert klima- og miljøleining i dei fylkeskommunale einingane.

## Miljøsertifisering

Seks vidaregåande skular og to tannklinikkar er i 2022 resertifiserte som Miljøfyrtårn. Totalt var 19 av 48 skular sertifiserte som Miljøfyrtårn ved utgangen av 2022. Det er starta nytt sertifiseringsarbeid for fire skular i 2022.

Vidare var 18 av 28 tannklinikkar (inkludert Tannhelsetenesta kompetansesenter Vestland), Bybanen utbygging og hovudkontora til fylkesadministrasjon sertifiserte som Miljøfyrtårn.

## Elektrifisering av køyretøy og maskinar i Vestland fylkeskommune


Vestland fylkeskommune disponerte 513 køyretøy i januar 2023. Fleirparten er eigde av fylkeskommunen, men for ein del person- og varebilar er det brukt leasing-kontraktar. Dette er mest brukt i avdeling for infrastruktur og veg og i eigedomsavdelinga.

## Person- og varebilar

Vestland fylkeskommune disponerte 162 personbilar ved utgangen av 2022. 66 av desse var elektriske, noko som utgjør 34 prosent. Dei elektriske personbilane er i stor grad knytte til opplæringssektoren, spesielt rettleiingstenesta. Totalt 29 vidaregåande skular har minst ein elbil. Talet på elektriske varebilar ligg stabilt på 10.

## Arbeidsmaskinar

Vestland fylkeskommune har 16 elektriske arbeidsmaskinar. 14 av dei er elektriske truckar. Tre vidaregåande skular har framleis dieseltruck. Hittil er ingen av fylkeskommunen sine tyngre køyretøy nullutslepp.



Figur 6: Fordeling av motorvogner i Vestland fylkeskommune i 2022.

## Transport i eiga drift

### Tenestereiser med privat bil

Det er utbetalt kilometergodtgjersle for totalt 3 050 562 km i 2022. Om vi antar at 49 prosent av bilane som blir nytta er dieseldrivne, 30 prosent går på bensin og 21 prosent er nullutslepps-bilar, genererte køyringa utslepp av 370 tonn CO<sub>2</sub> i 2022. Det er ein auke i klimagassutslepp frå tenestereise med privat bil på 20 prosent frå 2021.

### Tenestereiser med fylkeskommunale motorvogner, båtar, arbeidsmaskinar og leigebilar

- **Elbilar:** Den registrerte køyringa med fylkeskommunale elbilar er estimert til å redusere klimagassutsleppet med 82 tonn CO<sub>2</sub> i 2022 (59 tonn CO<sub>2</sub> i 2021). Det er registrert at elbilane til fylkeskommunen køyrde totalt 677 866 km i 2022. Det fordeler seg på 363 917 km med fylkeskommunale elbilar i vidaregåande skular og 313 949 km køyrt for administrasjonen sine elbilar.
- **Den fossile køyretøyparken:** Fylkeskommunen disponerte både eigde, leasa og leigde fossile motorvogner i 2022. Dette omfattar personbilar, minibussar, varebilar og tyngre køyretøy, i tillegg til arbeidsmaskinar og båtar ved skulane. I 2022 er det registrert eit CO<sub>2</sub>-utslepp på 1100 tonn CO<sub>2</sub> frå køyretøyparken.

- **Leigebil:** Det er estimert at total køyrelengde med leigebil vart på 486 995 km for 2022. Det er meir enn dobla frå 2021. Klimagassutsleppa frå leigebil er på 75,3 tonn CO<sub>2</sub>. Når det gjeld leigebilar, er det heller ikkje i 2022 brukt elbil

CO<sub>2</sub>. Reiser til Europa har auka til 21 prosent av totaltalet, mot 13 prosent i 2021. Innanlands reiser er framleis størst og utgjer 71 prosent.

Tabell 4: Tenestereiser med fly 2022.

	2020	2021	2022	2020-2022
km flydd	1246477	1212809	4622615	271 %
tonn CO <sub>2</sub>	145	165	590	307 %

## Flyreiser

Det er flydd 4 622 615 km for Vestland fylkeskommune i 2022. Klimagassutsleppet frå Vestland fylkeskommune sine flyreiser i 2022 blir oppgitt av reisebyrået til å vere 590 tonn

# Energibruk i fylkeskommunale bygg

Energibruken i lokale som Vestland fylkeskommune nytta i 2022 var på 64 181 840 kWh.

- Med 58 GWh utgjorde energibruken på dei vidaregåande skulane 91 prosent av totalen i 2022. Nybygde og rehabiliterte skular har langt lågare energibruk enn eldre.
- 75 prosent av dette var innkjøpt elektrisitet og 20 prosent fjernvarme.
- Biomasse, i form av pellets- og flisfyring, stod for 5 prosent av energibruken i vidaregåande skule i 2022.

Åsane vidaregåande produserte 68 544 kWh eigen solenergi i 2022, og stod med det for 0,12 prosent av energien som vart nytta. Også Arna vidaregåande skule har eige solcelleanlegg, og produksjonen er estimert til 114 MWh i 2022. Til saman utgjer eigenprodusert solenergi dermed 0,3 prosent av den totale energibruken til fylkeskommunen. Fylkeshuset i Bergen har solceller på taka, og energiproduksjonen blir registrert frå 2023.

Tabell 5: Energibruk i vidaregåande skule 2020–2022, delt på kjelder (ikkje temperaturkorrigert).

Energikjelde	2020 kWh	2021 kWh	2022 kWh	2022 Prosentdel
Elektrisk	42658137	45826406	43603825	74,6 %
Bioolje	133798	69801	1257	0,0 %
Gass	420787	417441	65699	0,1 %
Fjernvarme	10190766	12965053	11746345	20,1 %
Fjernkjøling	90900	192400	177567	0,3 %
Pellets- flisfyring	3699956	3335247	2711315	4,6 %
Solenergi	3047	73545	157964	0,3 %
<b>Sum energiforbruk i vidaregåande skule</b>	<b>57197391</b>	<b>62879893</b>	<b>58463971</b>	<b>100 %</b>

# Miljøkrav i innkjøp

Vestland fylkeskommune stiller miljøkrav i innkjøp. Det er eit mål at også transporten av varer og tenester som fylkeskommunen kjøper, skal vere mest mogleg fossilfri. Stadig fleire kontraktar ber om årleg statistikk for drivstoff og klimagassutslepp i leveransar, til dømes:

- Drivstoffbruk knytt til renovasjon for fylkeskommunen resulterte i klimagassutslepp på 37,5 tonn CO<sub>2</sub> for 2022. Det er ein auke på 42 prosent frå 2021.
- Sisteleddstransport av matvarer til fylkeskommunale einingar rapporterte klimagassutslepp på 29,3 tonn CO<sub>2</sub> i 2022.

81 prosent av leverandørane Vestland fylkeskommune kjøper varer og tenester frå, avgrensa til alle kjøp over 2 millionar, har eit sertifisert miljøleingsystem (målt i kr).

## Sirkulære verdikjeder

### IKT

IKT-seksjonen har i 2022 selt tilbake 1723 einingar via partnar Foxway for gjenbruksutstyr. Av desse er 1446 einingar allereie i ny sirkulasjon. Dette svarer til 409 tonn CO<sub>2</sub> spart. På enkelte infrastrukturkomponentar vert utfasa komponentar selde tilbake til leverandør slik at dei kan gjenbrukast hos andre kundar, som ikkje har same krav til moderne teknologi. Overskotet går tilbake til Vestland fylkeskommune.

### Møbel

I 2021 og 2022 har fylkeskommunen gjennomført eit prosjekt for sjå på moglegheitene for meir sirkulær møbelbruk. Prosjektet har i hovudsak jobba med dette:

- Klimasatsprosjekt i lag med Universitet i Bergen og Bergen kommune for å finne ut kva moglegheiter det er for å dele bruke møbel på tvers.
- Framgangsmåte for kjøp av møbel, basert på møbelinstruksen til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

- Møblering av fylkeshuset i Bergen som pilot for gjenbruk og måling av dette. Det er første gong fylkeskommunen skal måle gjenbruk av inventar. Måling av følgjande er avtalefesta med leverandørane og vil bli henta inn i etterkant av innflytting:
  - gjenbruk i fylkeshuset og til andre brukarar
  - utslepp i samband med produksjon og transport av nye møbel
  - avfall og transport knytt til flytting og møbelkjøp
  - eventuelt avfall knytt til kassering av brukte møbel

### Plast

Det er 19 prosent nedgang i mengda plastavfall frå 2020 til 2022. I alt er det registrert 12,3 tonn ulike plastfraksjonar som er henta frå fylkeskommunale lokalitetar. Det er hovudsakleg landbruksplast og emballasjeplast.

Tabell 6:

Plastfraksjonar innsamla frå Vestland fylkeskommune i kg.

	2020	2021	2022	2020–2022
Mjukplast	2 384,5	1 896,6	1 973,2	-17 %
Emballasjeplast	5 008,5	8 449,4	5 821,4	16 %
Hardplast	890	612	1 340	51 %
Anna plastavfall	6 867,4	5 195,1	3 132,5	-54 %
<b>Sum</b>	<b>15 150,4</b>	<b>16 153,1</b>	<b>12 267</b>	<b>-19 %</b>

### Avfall

Det er registrert 1810,9 tonn avfall frå Vestland fylkeskommune i 2022, Dette er 8,9 prosent opp frå 1663 tonn i 2021. Kjeldesorteringa var på 41 prosent i 2022. Det vart sortert ut 84,2 tonn matavfall i 2022, hovudsakleg frå dei vidaregåande skulane. Det er ein auke på 58,9 prosent sidan 2020.

# Vi utviklar Vestland

Utviklingsplanen er den regionale planstrategien til Vestland. Vedteken utviklingsplan frå 2020 var den første felles planstrategien til Vestland fylke. Det var behov for ei rekke regionale planer for å peike ut ein tydeleg strategisk retning for samfunnsutviklinga, bidra til å mobilisere ulike samfunnsaktørar og samordne den offentlege innsatsen. I 2022 har planinnsatsen halde fram. Det er mange gode døme på at utviklingsplanen og dei regionale planane bidreg til å gjere samfunnsutviklinga i Vestland berekraftig og nytenkande.

2022 er òg året der vi byrja sjå framover mot neste politiske periode. Arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag for neste utviklingsplan er i gang.

## Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Regional planstrategi

Vi gjorde eit grundig arbeid med vedteken utviklingsplan då denne vart utarbeidd. No vert arbeidet oppdatert, tilpassa til rådande og framtidige føresetnader og vidareutvikla metodisk. Vi tek i bruk nye arbeidsmåtar, som skal bidra til at endå fleire blir inkluderte i arbeidet med å setje strategisk retning for samfunnsutviklinga i Vestland. Brei deltaking sikrar at vi fangar opp nyansar og variasjonar i utfordringsbiletet, hjelper oss å omsetje berekraftsmål til vår lokale verkelegheit og styrkar det regionale demokratiet.

Arbeidet med ein regional analyse, som skal vise hovudtrekk og variasjonar i utviklingstrekk i Vestland basert på ny data og statistikk, er i gang. Arbeidet legg vekt på å syne viktige synergjar og interessekonfliktar mellom ulike plantema og berekraftsmål. Vi har òg gjennomført ei spørjeundersøking om samfunnsutviklinga, som vert følgd opp med djupneintervju. Eit strategisk utval innbyggjarar, bedrifter, organisasjonar, statlege og kommunale organ i Vestland har delteke i denne. Kunnskapsgrunnlaget vert ferdig i juni 2023.

## Berekraftsarbeidet i Vestland

I 2022 har Vestland fylkeskommune arbeidd med berekraft etter same prinsipp som i 2021 innanfor fagområda i dei ulike avdelingane. Dette kjem til uttrykk gjennom prosjekt, planprosessar, sakshandsaming, tiltaksutforming og økonomisk støtte til prosjekt og tiltak. Planlegginga av arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen var eit viktig tema i 2022, og det vart i den samanheng gjort eit val om å knyte den vidare utviklinga av berekraft til dette arbeidet. Det er gjennomført samtalar med utvalde kommunar i Vestland for å få betre innsikt i deira ønske og behov for den vidare samhandlinga om berekraft. Dette er kunnskap som vert lagt til grunn for vurderingar av det vidare utviklingsarbeidet på berekraft. Den årlege plan-, klima- og folkehelsekonferansen som Vestland fylkeskommune arrangerer i samarbeid med Statsforvaltaren, hadde i 2022 overskrifta berekraftig planlegging.

## Regional planlegging

Ein viktig del av oppfølginga av utviklingsplanen og berekraftsarbeidet skjer gjennom regional planlegging. Dei regionale planane er ei vidare konkretisering av rammene utviklingsplanen set. Planane er styringsdokument både for verksemda til fylkeskommunen, men òg for regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Det har vore høg planleggingsaktivitet i fylkeskommunen i 2022. Under følgjer ei oversikt over dei regionale planane som har vore behandla politisk i løpet av året. Vidare er det gitt ei kort omtale av arbeidet som var gjort i 2022 knytt til ein del av dei sentrale regionale planane.

## Politisk behandling i 2022

- Regional plan for klima 2022–2035, inkl. handlingsprogram: vedteken i fylkestinget i desember
- Regionale planar for folkehelse – handlingsprogram 2022–2025: felles handlingsprogram vedteke i fylkestinget i mars



- **Regional vassforvaltingsplan for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram 2022–2027:** vedteken i fylkestinget i mars, godkjent i Klima- og miljødepartementet i oktober
- **Regional plan for næring og innovasjon 2021–2033:** årsplan vedteken i hovudutval for næring i mars
- **Regional transportplan 2022–2033, handlingsprogram:** investeringar vedtekne i fylkestinget i juni
- **Regional plan for kultur 2023–2035: høyring og offentleg ettersyn med frist i november**
- **Regional plan for fornybar energi 2023–2035: vedtak av planprogram og høyring av sjølve planen**
- **Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023–2035: planprogram vedteke i oktober**

## Regional plan for klima 2022–2035

Vi skal bidra til brei innsats for eit nullutsleppssamfunn og tilpassing til det framtidige klimaet. Berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringar, slår fast at dette krev planlegging for brei og samordna innsats. Planen er òg sterkt kopla til berekraftsmål 14 og 15 livet på land og livet i havet. I 2022 gjennomførte vi ein omfattande medverknadsprosess blant innbyggjarar. Vi forankra også det pågåande klimaplanarbeidet i forvaltninga, næringsliv, forskingsmiljø og ikkje minst hjå kommunane. Fylkestinget vedtok planen og det strategiske handlingsprogrammet i desember. Det er handling som gjeld. Årsplan for 2023, som er under utarbeiding, omhandlar den konkrete oppfølginga av dei prioriterte tiltaka i det strategiske handlingsprogrammet.

## Handlingsprogram folkehelse 2022–2025

Handlingsprogram til regional plan for folkehelse er eit strategisk verktøy som set retning i folkehelsearbeidet i fylket. Vi skal særleg arbeide med kunnskapsbasert folkehelsearbeid, sosial ulikskap i helse, gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn, demografiske endringar og barn og unge – livskvalitet og psykisk helse. Berekraftsmål 3 god helse og livskvalitet, og mål 10 om mindre ulikheit er spesielt viktige i dette arbeidet. I tillegg er berekraftsmål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn viktig knytt til inkludering og trygge lokalsamfunn, og til koplinga mellom klima og sosial berekraft. Gjennom om lag 40 tiltak skal fylkeskommunen saman med kommunar, frivillige lag og organisasjonar, statlege aktørar og kompetansmiljø, arbeide med å betre folkehelsa.

## Regional plan for vassforvaltning 2022–2027

Fylkestinget vedtok den regionale vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram i mars. Planen bygger på vassdirektivet EU gjennomfører i heile Europa. I tråd med vassforskrifta set dei regionale vassforvaltningsplanane miljømål for alt vatn,

både elvar, innsjøar, kystvann og grunnvatn. Miljømåla skal sikre eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet, og er skildra som miljøtilstanden som skal verte nådd i planperioden 2022–2027. Planane viser korleis miljøtilstanden er i dag, og kva tiltak som er nødvendige for å førebygge, forbetre eller rette opp att tilstanden der det er nødvendig. God vassforvaltning fordrar godt og omfattande samarbeid mellom ulike statlege etatar, fylkeskommunen og alle kommunane. Berekraftsmål nr 6 reint vatn og mål 14 livet i havet er spesielt viktige.

## Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033

Vi skal bidra til berekraftig verdiskaping, og regional plan for innovasjon og næringsutvikling set retning for næringslivet i Vestland. Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling og omlegging til fornybar energi skal bidra til at vi når målet om nullutslepp i 2030. Grøne arbeidsplassar skal sikre verdiskaping og eit inkluderande arbeidsliv i heile fylket. Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse og tilgang til areal til næringsutvikling er hovudsatsingar. Årsplanen vart vedteken i mars 2022, og viser kva partnarar som er ansvarlege for konkrete tiltak knytt til strategiane i satsingane. Berekraftsmål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, mål 9 om industri, innovasjon og infrastruktur, og mål 13 å stoppe klimaendringane er spesielt viktige i dette arbeidet.

## Regional transportplan 2022–2033

Fylkestinget vedtok regional transportplan i desember 2021, med planperiode frå 2022 til 2033. I juni 2022 vedtok fylkestinget tilhøyrande handlingsprogram for investeringar. Det er lagt opp til ei auka satsing på vedlikehald og berekraftige reiser. I 2022 har vi i tillegg jobba særleg med å følgje opp utviklingstiltak. Vi har mellom anna utarbeidd eit handlingsprogram for trafikktryggleik og ein drifts- og vedlikehaldsstrategi. Vi har også sett på korleis vi kan få meir att for midlane vi investerer og utarbeidd planleggingsprinsipp for kollektivnettet i byar og tettstadar. Berekraftsmål 9 industri, innovasjon og infrastruktur, mål berekraftige byar og lokalsamfunn, og mål 13 stoppe klimaendringane er spesielt relevante.

## Regional plan for kultur 2023–2035

Regional plan for kultur 2023–2035 med visjonen kultur bygger samfunn var på høyring og offentleg ettersyn i november 2022. Desse tre dokumenta var på høyring:

- **Høyringsutkast regional plan kultur, idrett og frivillighet, del 1**
- **Aktør- og fagplan, del 2**
- **Handlingsprogram 2023–2026, del 3**

Planen skal syne korleis kulturfeltet kan bidra i samfunnsutviklinga, og hovudmålet er: skape, oppleve og delta.

Planen har fire hovudsatsingar:

1. Vestland som leiande region.
2. Demokrati, deltaking og mangfald.
3. Verdiskaping.
4. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling.

Berekraftsmål 17 samarbeid for å nå måla står sentralt saman med å skape eit berekraftig velferdssamfunn, eit økologisk og sosialt berekraftig samfunn og å skape eit trygt samfunn for alle.

## Regional plan for fornybar energi 2023–2035

Regional plan for fornybar energi skal vere eit av grunnlagane for klimaomstillinga av Vestland fylke. Planen har som oppdrag å fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi. Planen vart sendt på høyring i 2022. Den regionale planen har to prioriterte plantema som viser ambisjonsnivå og utbygging:

- auka produksjon frå fornybare energikjelder
- robust kraftforsyning i Vestland

Planen har også tre deltema:

- energiberarar (som batteri og hydrogen)
- utdanning, forskning og innovasjon innan fornybare energikjelder
- kjernekraft

Planen foreslår retningslinjer for utbygging av fornybar energi i fylket. Planen rettar seg særleg mot berekraftsmål 7 om fornybar energi og mål 13 om å stoppe klimaendringane.

## Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023–2035

Planprogrammet til den regionale planen vart vedteke i oktober 2022. Planen skal vere ein langsiktig plan for utvikling av senterstruktur og regionsenter i Vestland. Det er seks plantema i planen:

- senterstruktur
- utbyggingsmønster og arealbruk
- lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod
- kvalitet i omgjevnadane
- bustadpolitikk
- barn og ungdom – trivsel og tilhøyrse

Planen skal synleggjere korleis vi i Vestland skal jobbe for å utvikle byane, stadane og lokalsamfunna våre i eit langsiktig perspektiv. Det handlar om korleis vi skal gjere det på ein måte som skaper føresetnader for eit godt tenestetilbod, gode bumiljø, det å drive næring og å leve gode liv i heile

fylket. Berekraftsmål 11 berekraftige byar og lokalsamfunn er særleg viktig her.

## Regional plan for Hardangervidda 2021–2024

Regional plan for Hardangervidda (2019–2035) er revidert og vart vedteken i Viken, Vestfold-Telemark og Vestland i 2020, og endeleg stadfesta av departementet 1. oktober 2021. Gjennom 2022 er det arbeid primært med oppstart av ein regional sti- og løypeplan, som dekker alle kommunane som er del av planområdet. Dette er eit krevjande arbeid, der det er behov for brei medverknad. I tillegg fekk vi i april 2022 stadfesta at villreinområdet og villreinstamma er i dårleg tilstand, gjennom konklusjonane i kvalitetsnormen for villrein. Det er sett i gang arbeid med tiltaksplanar for oppfølging av konklusjonane i kvalitetsnormarbeidet. Dette arbeidet vert leia av Statsforvaltaren i Oslo og Viken, på oppdrag for Miljødirektoratet, og er eit fagleg og administrativt arbeid. Vestland er bedt om å representere fylkeskommunane i den overordna prosjektgruppa for dette arbeidet.

## Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026

Det regionale plansamarbeidet for Ottadalsområdet har ikkje hatt eit sterkt søkjelys i fylka som inngår i samarbeidet. Men i 2022 er det oppretta eit sekretariat, med administrativ deltaking frå alle tre fylka. Ansvar for å leie sekretariatet er lagt til Innlandet fylkeskommune, med støtte frå Vestland og Møre og Romsdal. Det er også etablert ei administrativ arbeidsgruppe bestående av representantar frå kommunar, Statsforvaltaren, villreinsenter nord, og villreinnemnd og -utval, i tillegg til verneområdeforvaltarar. I 2022 har sekretariatet og administrativ arbeidsgruppe konkretisert og rullert planen sitt handlingsprogram, med mål om politisk vedtak av nytt og oppdatert handlingsprogram i løpet av hausten 2023.

# Folkehelsearbeidet i Vestland

Eit berekraftig folkehelsearbeid må bygge på eit vitskapeleg fundament. Det er viktig i folkehelsearbeidet i Vestland fylkeskommune. Gjennom utstrekt samarbeid med ulike kompetansmiljø har vi god kunnskap om korleis vestlendinane har det. Gjennom eit godt datagrunnlag har vi grunnlag for å beskrive folkehelseutfordringane og setje i verk effektive tiltak.

Vi gjennomførte i 2022 ei stor folkehelseundersøking, for første gong for Vestland. Undersøkinga vart gjort saman med

Folkehelseinstituttet (FHI). Arbeid med ny folkehelseoversikt for 2023–2027 starta også opp. Samla gir dette eit verdifullt grunnlag for og retning til ny utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Folkehelseundersøkinga i 2022 hadde auka merksemd på livskvalitet. Fleire spørsmål knytte til korleis vestlendingane opplever sin eigen livskvalitet, gir verdifull kunnskap for vidare samfunnsutvikling og fleire gode leveår.

Handlingsprogram til Regional plan for folkehelse 2022–2025 er eit strategisk verktøy som set retning i folkehelse-


arbeidet i fylket vårt. I Vestland skal vi særleg arbeide med kunnskapsbasert folkehelsearbeid, sosial ulikskap i helse, gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn, demografiske endringar og barn og unge – livskvalitet og psykisk helse. Gjennom om lag 40 tiltak skal fylkeskommunen i samarbeid med kommunar, frivillige lag og organisasjonar, statlege aktørar og kompetansmiljø, arbeide med å betre folkehelsa dei neste fire åra.

# IKT og digitalisering



2022 var året då vi sette i gang eit strategiarbeid for å sikre at Vestland fylkeskommune nyttar tilgjengeleg teknologi på best mogleg måte.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.



**Tal tilsette: 680**  
inkludert tilsette i tannhelsetenesta

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.
- Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.
- Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Vi har gjennomført tiltak for at fleire forskingsprosjekt fører til styrking og forbetring av klinisk praksis i Vestland tannhelseteneste.
  - «Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell» er etablert for å auke kunnskapen om å avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt. 26 av klinikkane gjennomførte kunnskapsreisa i 2022, og resten av klinikkane skal gjennomføre same opplegg våren 2023.
- Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.
- Vestland fylkeskommune tok i bruk den nye innsynsløysinga e-Innsyn 3. januar 2022. Det er ei publiserings- og innsynsløysing som er pålagt nytta i staten, og som er drifta av Digitaliseringsdirektoratet. Arbeidet med fulltekstpublisering av hovuddokument skulle ha starta 1. april 2022, men vart utsett grunna omprioritering som følgje av at godkjenning av sak- og arkivsystemet Elements trekte ut i tid. Fulltekstpublisering av hovuddokument er no utsett i påvente av innsynsprosjekt.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- Strategi 2.1:** Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- Tiltaket for overgang til berekraftig transportløysing på teknisk avdeling i tannhelsetenesta vart ikkje sett i gang i 2022. Status er at nye elbilar vart leverte i januar 2023.
  - Vi har resirkulert IKT-utstyr som svarer til ei innsparing på 409 tonn CO<sub>2</sub>.
  - Vi har selt brukt IKT-utstyr for 57 013 kr.

**Strategi 2.2:** Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 2.3:** Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

**Strategi 3.1:** Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi har starta ein prosess for å vurdere løysingar for arkivkjerne og dataplattform.
- Vi er i dialog med leverandørar om å utvikle løysing for arkivkjerne, men er usikre på om vi klarer å lande dette innanfor dei krava og forventningane vi har. Datasjø vil sannsynlegvis bli realisert som ein konsekvens av behov for dataplattform i Skyss.

**Strategi 3.2:** Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 3.3:** Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vi har etablert prosjektverktøy. Dokumentasjonsverktøy er levert og blir fasa inn. Tenestedesign er i bruk som eit viktig verktøy i organisasjonen.
- Vi har vidareutvikla porteføljestyling av IKT- og digitaliseringsprosjekt, forenkla og tydeleggjort prosessen frå behov til løysing.
- Det er sett i gang eit strategiarbeid som skal sørge for at vi utnyttar tilgjengeleg teknologi på best mogleg måte for fylkeskommunen.
- Vi har vidareutvikla intern chatbot (Botolf) og lansert ekstern chatbot (Ask). Dette er virtuelle assistentar, og tenestene er under stadig utvikling.
- I tannhelsetenesta er det utvikla digitale skjema (for reiserefusjon og klager), og ein pilot for e-resept og e-timeboka er prøvd ut på eit utval klinikkar.
- Arbeidet med felles søkarportal for tilskotsordningar, rutinar og samordning av fristar har starta. Vi har i dag mange ulike løysingar som vil bli vidareførte, men det er behov for ei samordning av dei ulike løysingane og felles inngangsport til desse. Dette vil vere prioritert arbeid i 2023.
- Møteromsstandardisering er gjennomført gjennom bytte frå Cisco møterom til Teams møterom i Vestland fylkeskommune.

- Arbeidsplassoppsettet er endra frå to skjermar og docking til ein ultrawide skjerm med innebygt docking (ein kabel til alt) på fleire lokalitetar.
- Det er gjennomført standardisering av haldeplassautomatar og forvaltning for Skyss, Bybanen utbygging og Bybanen.
- Vi har levert standardiserte og tilpassa løysingar til store byggeprosjekt som
  - fylkeshuset i Bergen
  - nye Førde vidaregåande skule
  - nye Askøy vidaregåande skule
  - planlagt nytt fylkeshus Leikanger, som omfattar flytting til midlertidige lokale og oppsett av utstyr
- Det er etablert nye backup-løysingar.
- Vi har avvikla mange tenester og infrastruktur for dei gamle IT-miljøa til tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Det er etablert ei arbeidsgruppe for å lage ein strategisk folkehelseplan/folkehelsestrategi som gjev retning for det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i Vestland tannhelseteneste.
- Tannhelsetenesta har hatt dialog med planseksjonen om strategisk plan for tannhelsetenesta, der folkehelse skal ha ein sentral plass.
- Oversikt over tal barn og unge i Vestland utan hol i tennene i 2022:
  - 3-åringar utan hol i tennene: 95,2 prosent
  - 5-åringar utan hol i tennene: 82,9 prosent
  - 12-åringar utan hol i tennene: 62,0 prosent
  - 15-åringar utan hol i tennene: 45,4 prosent
  - 18-åringar utan hol i tennene: 31,9 prosent

## Driftsutgifter – IKT og digitalisering

Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling IKT og digitalisering	6 543	12 347
IKT og digitalisering	159 599	181 449
Plan, analyse, klima og folkehelse	59 693	48 965
<b>Sum</b>	<b>225 835</b>	<b>242 761</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-41 219</b>	<b>-48 986</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>2 217</b>	
<b>Netto meirforbruk</b>		<b>3 931</b>

Tal mellom åra kan ikkje samanliknast direkte på grunn av endra innhald i løyvingnivåa.

## Driftsutgifter – tannhelse

Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av tannhelsetenesta	20 196	13 752
Pasientbehandling	427 083	477 351
<b>Sum</b>	<b>427 083</b>	<b>477 351</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-167 658</b>	<b>-187 806</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>817</b>	<b>1 527</b>




# Infrastruktur og veg



23. februar 2022 var ein merkedag for dei som ferdast langs fv. 53 Ljoteli i Årdal kommune. Då opna fylkesordførar Jon Askeland ein 1100 meter lang tunell forbi eit særskredfarleg område.

Foto: Ingvild Ramstad/Vestland fylkeskommune.



Tal tilsette: 343

## Mål 1

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

**Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for infrastruktur og veg har utarbeidd ein kontinuitetsplan ved pandemi. Denne viser korleis vi kan oppretthalde dei viktigaste delane av drifta ved stort fråvær av arbeidskraft og andre funksjonar, både i eigen organisasjon og i verksemder vi samarbeider med.

**Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for infrastruktur og veg har laga retningslinjer og eit hjelpeverktøy for kontraktsstrategi, for å kunne vurdere ulike kontraktsformer. Dette kan gi betre konkurranse, moglegheiter for mindre og lokale entreprenørar, betre vilkår og liknande. Driftskontrakt Nordfjord vart lyst ut som byggherrestyrt driftskontrakt. Dette er ein del av prosjektet Meir for pengane.
- Vi stiller krav til entreprenørar om å velje utstyr og løysingar som set mindre miljøavtrykk.

**Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Byggematerialet kompositt er nytta i to gangbruer. Med dette materialet tek vi i bruk ny kunnskap og teknologi.
- Vi utviklar nye produkt for skredsikring i samarbeid med private aktørar.
- Avdeling for infrastruktur og veg har samarbeidd med privat næringsliv for å utnytte ulike materiale til brubygging, som til dømes aluminium.

**Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Prosjektet "Meir for pengane" kom i gang i 2022. Målet er å effektivisere alle ledd i verdikjeda i avdelinga. Prosjektet skal utfordre gjeldande standardar, utnytte handlingsrommet i vegnormalane/handbøkene, skalere ned planprosjekt og setje i verk andre tiltak for å utnytte midlane vi har til rådvelde best mogleg.
- Det er utarbeidd ein drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegane i Vestland. Denne skildrar korleis vi gjennom nytenking skal få meir ut av ressursane. Hovudmålet er å stogge vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg. Det er til dømes sett i gang arbeid med ein pilot knytt til utbetring av vegkroppen og drenering før dekkelegging.
- Etablering av kommunekontaktar sikrar god dialog mellom fylkeskommunen og kommunane i Vestland. Ordninga gjev tilfredsheit hjå oppdragsgivarar, planmyndigheit og samarbeidspartnarar.
- Vi har teke i bruk den nettbaserte kartløysinga Adaptiv Veg (fylkesatlas.no) til kartfesting av alle plan-, bygge- og vedlikehaldsprosjekt. Med dette verktøyet kan mellom andre entreprenørar og rådgjevarar lettare få informasjon om og oversikt over porteføljen vår.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

#### Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vi kartlegg lågutsleppsløysingar på fylkesvegområdet. Det inneber blant anna å undersøkje kva klimaeffekt vi kan få av klimatiltak, og kva faktorar som fremjar og/eller hemmar innarbeiding av nye klimakrav i anskaffingar.
- Vi greier ut korleis fylkesvegnettet er rusta for å tole framtidige klimaendringar. Vi deltek i forskingsprosjektet KLIMAVEI og jobbar med forprosjekt for klimatilpassing av fylkesvegnettet.
- Vi set krav i driftskontraktane til nullutslepp for maskinar og køyretøy.

#### Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Vi jobbar særskilt med trafikkikkerheit, men har òg merksemd på å ta vare på lokale landskaps- og kulturverdiar.
- Når det gjeld massehandtering lagar vi prinsipp og strategiar for korleis overskotsmassar frå aktiviteten vår kan nyttast på samfunnsstenlege og miljøvenlege måtar.
- I samband med oppstart av prosjektet bru over Ytre Steinsund gjennomførte vi tiltak for å rydde plastavfall i strandområdet.

#### Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Vi set klimakrav i anskaffingar. Vi identifiserer og implementerer nye klimakrav ved utarbeiding av nye konkurransar og kontraktar.
- Ny strategi for veglys er implementert. Det er ein strategi for drift, vedlikehald, forvaltning og eigarskap av lysanlegga for fylkesveg. Med denne får vi store miljø- og driftsvinstar med utskifting til LED-lys, nattesløgking og betre omsyn til dyre- og insektliv.
- Det er utarbeidd oversikt over og visualisering av klimagassutslepp med basis i konkurransegrunnlaga i utbyggingsprosjekta våre. Visualiseringa er gjort i kartløyning for enklare vidare arbeid.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

#### Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi har laga handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022–2025. Trafikktryggleik er viktig for om ein stad blir opplevd som attraktiv, og for mobiliteten til folk. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentera, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransport.

- Trafikktryggingssprisen i Vestland, som trafikktryggingsutvalet (FTU) årleg deler ut, gjekk i 2022 til Trygve Hillestad og Arne Aase for sterkt engasjement for trafikktryggingssarbeidet i fylket over fleire tiår.
- Fleire veg- og skredsikringsprosjekt opna i 2022, som fv. 53 Holsbru og Ljotelitunnelen, fv. 722 Flotunnelen, og fv. 613 Blaksetunnelen. Dette er viktige tiltak for busetnad i fylket, som gjev trafikktryggleik, trivsel og moglegheiter for mobilitet og deltaking.
- Vi gjennomførte drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet i heile fylket, inkludert rassikring og punktutbetringar. Det gjev auka tryggleik og attraktivitet i lokalsamfunna.

### **Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.**

- Avdeling for infrastruktur og veg har laga ein drift- og vedlikehaldsstrategi som skal bidra til tryggleik for alle trafikantar og å få mest mogleg drift og vedlikehald av infrastrukturen vår, også i byar og senter. Tiltak er til dømes brøyting av fortau og veg og raske vedlikehaldstiltak.
- Ny strategi for veglys (omtalt i strategi 2.3) bidreg til blant anna tryggleik og trivsel i tettbygde strom.
- Vi måler og skaffar oss kunnskap om utviklinga innan trafikkulukker gjennom naudsynte avtalar med Statens vegvesen. Vi nyttar verktøya «Truls og Trine» for vidare oppfølging.
- Fleire gang- og sykkelvegprosjekt opna i 2022, som fv. 614 Breivika–Svelgen, fv. 5704 Brandsøy–Solheim og Haugeveien i Bergen.

### **Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.**

- Åtte viktige regionale fylkesvegstrekingar i heile fylket er vurderte i samband med "Strekningssvise utgreiingar", og det er sett på kva utviklingsstrategiar som bør leggest til grunn for strekningane.
- Det er gjort ei vurdering av fylkesvegnettet med tanke på kva delar som kan ta i mot modulvogntog. Desse er viktige for blant anna næringslivet.
- Det er vidareutvikla tenesteretta nettsider for løyve og dispensasjonar langs og på fylkesveg, som til dømes graveløyve og søknad om serviceskilt.
- Vi utviklar gode tenestetilbod: Det er etablert ein publikumsportal for å melde feil på gatelys langs fylkesveg. Denne publikumsportalen kan utvidast til bruk på andre område.
- Chatboten på nettsidene svarer også på spørsmål om fylkesveg. Dette er utvikla av avdeling for infrastruktur og veg for at publikum lettare skal finne informasjon og for å effektivisere saksgangen internt.
- Vi har etablert eit digitaliseringsprosjekt som del av organisasjonsutviklingsprosjektet «Meir for pengane». Prosjektet skal mellom anna identifisere aktuelle digitaliseringsprosjekt som vil gje meir for pengane, finne fram til prosjekt som gir langsiktig og kortsiktig gevinst og identifisere synergjar for både avdeling for infrastruktur og veg og heile Vestland fylkeskommune.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- All ny, betra og sikra infrastruktur bidreg til at deltaking blir meir tilgjengeleg. Vestland opna omlag ni km ny fylkesveg, av dette tre tunellar og fleire strekningar gang- og sykkelveg, i 2022.

**Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Vi jobbar med å sikre attraktivitet, framkome, trafikktryggleik og universell utforming i arbeidet med utbygging og utbetringar av gang- og sykkeltilbod og ei styrking av drift og vedlikehald. Handlingsprogram for trafikktrygging prioriterer tiltak retta mot sårbare trafikantgrupper som barn, unge og eldre.

**Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Vi har satsingsområdet "Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg" i handlingsprogram for trafikktrygging. Her vert det mellom anna jobba med sikring av skuleveg, hjartesoner kring skulane, godkjenningssordninga Trafikksikker kommune og tilskot til åtferdsretta arbeid for barn, unge og eldre. Avdeling for infrastruktur og veg, avdeling for mobilitet og kollektivtransport og Trygg Trafikk Vestland jobbar tett saman i dette arbeidet.

### Driftsutgifter – infrastruktur og veg


Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling infrastruktur og veg	28 751	28 672
Veg – drift og vedlikehald	1 594 369	1 858 772
FTU-midlar	15 077	14 008
Andre tiltak – infrastruktur og veg	625	1 099
<b>Sum</b>	<b>1 610 071</b>	<b>1 873 879</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-389 767</b>	<b>-448 321</b>
<b>Netto meirforbruk</b>	<b>16 955</b>	<b>40 380</b>

# Kultur og folkehelse



Vestland fylkeskommune markerte Frivilligåret 2022 blant anna med å dele ut ein eigen frivilligpris. Prisen gjekk til Turboklubben i Bergen og Hordaland Turlag for arbeidet deira med berekraftig friluftsliv for ungar.

Foto: Ingrid Grønfur/Hafstad vgs.



Tal tilsette: 118

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- I Den kulturelle skulesekken (DKS) gjennomførte vi det som var mogleg under pandemien, og vi utbetalte honorar for avlyste program i tråd med nasjonale føringar. I løpet av våren normaliserte situasjonen seg. Totalt 93 turnear vart gjennomførte i grunnskular og vidaregåande skular i 2022.
  - Ung kultur møttest (UKM) vart for første gong i Vestland fylke arrangerte som fysiske festivalar.
  - Etter bestilling frå fylkestinget, var programmet Tankevirus etablert, som eit tilbod til ungdom i vidaregåande skule alder i å handtere uro og tunge tankar.
  - Dei fleste delane av kultur- og idrettslivet kom i gang, sjølv om det var usikkerheit knytt til effektar av pandemien og stor prisauke. Det har vore fleksibilitet og god dialog mellom fylkeskommunen og mottakarar av tilskot om gjennomføring av tiltak og aktivitetar.
- Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Kulturarbeidsplassar er grøne verksemder for framtida. Nye arbeidsplassar vert moglege gjennom prosjekttilskot som t.d. kulturelt utviklingsprogram, og driftsstøtte er med på å vidareføre dei.
  - Fylkeskommunen fordelte midlar til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. 13 regionale aktørar, med kompetansesenter, organisasjonar, nettverk og liknande fekk tilskot. Midlane gjekk til tenester og kompetanse innan nærings-, marknads- og forretningsutvikling.
- Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Hospiteringsordning for masterstudentar i arkeologi er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen. Seks studentar deltok i registreringar langs ny E39.
  - Tilskot og oppfølging aukar moglegheita for at flyktningar og innvandrarakjem i arbeid som høver med utdanning og erfaringar. Personar som vil etablere egne verksemder, får tilbod om kurs og kompetanseutvikling.
- Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.
- Regional plan for kultur har vore på offentlig høyring. Planen skal syne korleis feltet kan bidra i samfunnsutviklinga, og hovudmåla er: skape, oppleve og delta. Planen vert justert

etter innspel, og han har fire hovudsatsingar: 1. Vestland som leiande region. 2. Demokrati, deltaking og mangfald. 3. Verdiskaping. 4. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling.

- Erasmus+-midlar er tildelt eit konsortium for folkebiblioteka i Vestland for 2022-23, med 60 reiser for jobbskugging/kurs/utanlandske ekspertar. 13 bibliotek er partnarar.
- For bibliotektilsette vart det arrangert 50 møte, seminar og kurs. Biblioteket som arena for debatt var tema på dei første felles bibliotekdagane i Vestland. Ein nordisk bibliotekkonferanse om korleis biblioteka kan involvere og aktivisere lokalsamfunna vart arrangert i samarbeid med Bergen kommune.
- Arbeidet for folkehelse i Vestland er styrkt med to utviklingssentralar, som ligg i Bergen og på Askøy. Utviklingssentralar er frisklivssentralar med særleg kompetanse.
- Fylkeskommunen arbeider mot tvangsekteskap, negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I Vestlandsnettverket er vi med på å skape samarbeid på tvers, både på regionalt og lokalt nivå.
- Fylkestinget har vedteke å arbeide for å betre situasjonen til papirlause migrantar når det gjeld fylkeskommunale tenester og tilbod, i eit samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

#### Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Sogn og Fjordane fotballkrins har fått midlar til utvikling av ei sertifiseringsordning og ein rettleiar for grønne idrettsarrangement, som på nettstaden grontarrangement.no. Fylkeskommunen vurderer å stille krav om at søkarar til tilskot til idrettsarrangement har gjort ei slik miljøkartlegging.
- Arbeidet med regional kulturplan har bidratt til å setje søkjelys på eit grønare kulturliv.
- Koplingar mellom klimarettferd og folkehelse er synleggjort som eige tema i ny regional klimaplan.
- Berekraftige løysingar i idrettsanlegg og utvikling finn vi t.d. gjennom deltaking i nasjonalt kunstgras-samarbeid (KG2021) og i prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg. Vestland fylkeskommune gjekk inn i ei samarbeidsavtale med Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU, som er det leiande forskingsmiljøet i Noreg for berekraftige idrettsanlegg.

#### Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- 79 arkeologiske registreringar vart gjennomførte i 2022. I samband med reguleringsplan for E39 Stord–Bjørnafjorden fann vi over 170 nye freda kulturminne, frå eldre steinalder til mellomalder, eit tidsspenn på om lag 10 000 år.
- Vi har ansvaret for over 12 000 arkeologiske kulturminne, og vi samarbeider med kommunar om prosjekt for tilrettelegging og skjøtsel. Revisjon av forvaltingsplan for Vingen helleristingsfelt er i gang.
- Fylkeskommunen har handsama og innvilga 14 dispensasjonar for automatisk freda kulturminne.



- Vi har handsama og innvilga 79 søknader om dispensasjon frå fredingsvedtak for bygningar og anlegg freda etter kulturminnelova.
- I arbeidet med kulturminnekompetanse i kommunane (KIK) vart Austevoll, Voss og Etne sine kulturmiljøplanar reviderte. Vaksdal, Øygarden og Sunnfjord har starta revisjon av planar, og vi har i løpet av året arrangert møte og kurs med kommunar, regionar og Rogaland fylkeskommune.
- KULA er eit nasjonalt register og kunnskapsgrunnlag for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Riksantikvaren sende i 2022 registeret for tidlegare Sogn og Fjordane fylke ut på høyring, og det omfattar 21 landskap. Utarbeidinga av den lokale delen av registeret er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren.
- Fredingssaker vart starta opp for Otternestunet i Aurland, Botnahytta i Samnanger og for fjordferja MF Hardingen. Fredingane av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, Stranges stiftelse og MIL-veteranstasjon i Bergen vart markerte.
- Arbeidet med fellesmagasin for musea i Hordland har vore prioritert.
- Utviklingstipend i tradisjonshandverk vart tildelt Astrid Farestveit Gane, til arbeid med ivaretaking og vidareføring av gullsmedfaget.
- Det treårige verdiskapingsprosjektet Kraftturisme vart starta opp. Fylkeskommunen deltok i forprosjektet Nasjonale postvegar.
- Fylkeskommunen har tildelt midlar mellom anna til freda kulturminne i privat eige, sikring, istandsetjing, vedlikehald og driftstilskot til freda og verna fartøy, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, profane mellomalderbygg, brannsikring av tette trehusmiljø av kulturhistorisk verdi, kulturminne på verdsarvlista, mellomalderruinar og historiske ferdselsårer.
- Vi har teke i mot om lag 200 000 historiske foto frå fylket i 2022. Fylkeskommunen har lagt til rette og etablert nye samarbeid med sogelag og andre frivillige som jobbar med fotobevaring og digitalisert 11 000 foto.
- Arkivet etter Hotel Mundal vart innlemma i Noregs dokumentarv, den norske delen av Unesco-registeret Memory of the World.
- Vi tok i mot 40 hyllemeter privatarkiv. Eit stort tilfang kom frå Førdefestivalen, Skandinavias største festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk. Inntaket inkluderer festivalen si CD-samling, og vi har med dette bevart lyden av festivalen.
- Gjennom fylkes- og distriktsmusikarordningane, og m.a. tilskot til Ole Bull Akademiet og hardingfela.no, bidreg fylkeskommunen til å ta vare på musikktradisjonane og å formidle folkemusikken vidare til nye generasjonar.

### **Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.**

- Ein samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets knytt til berekraftig anleggsutvikling og berekraftige arrangement er vidareutvikla. Arbeidet er også styrkt gjennom avtale med Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

#### Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Tilskot frå fylkeskommunen til kopling mellom kulturaktørar innan det profesjonelle og det frivillige kulturfeltet bidreg til aktivitetar og levande kulturliv i lokalsamfunna.
- Frivilligåret 2022 vart markert i Vestland gjennom ein konferanse, utdeling av frivilligpris, informasjons- og formidlingsarbeid og tildeling av midlar. Kulturkonferansen for Vestland hadde temaet frivilligheit bygger samfunn, som tok for seg mange sider av frivilligheita.
- Den første utdelinga av Frivilligprisen Vestland gjekk til turtilbod til barn i Turboklubbane i Bergen og Hordaland Turlag.
- Målet med prosjektet Ro- og padleruter i Vestland er å kartlegge, gradere og legge til rette, slik at det bli enklare å oppleve sjø og vassdrag med kajakk eller robåt. Tilskot vart løyvd til kartlegging og gradering av ruter i 24 kommunar, i tillegg til padlehukar og kajakkbrygger.
- Gjennom ei ny tilskotsordning for berekraftig samfunnsutvikling har vi styrka samhandling mellom sosial utjamning, klima- og miljøarbeid og stadutvikling. Vi har kartlagt status og verkemiddel for å auke kommunane sitt arbeid med sosial utjamning.
- Vi har arrangert seminar og konferansar i arbeid mot radikaliserings og ekstremisme, i samarbeid med Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølv mordførebygging (RVTS Vest).
- Lokale utøvarar og kunst- og kulturinstitusjonar vart prioriterte i DKS-programmet der det var grunnlag for det.
- På fylkesfestivalane UKM deltok unge på eigne premissar og med uttrykk dei sjølv valde å utvikle. Både dei lokale og regionale festivalane kan såleis bidra til identitet og tilhørsle.
- Vi samarbeidde med Bergen kommune om ei spørjeundersøking om fritida til barn og unge. Det var første året undersøkinga blei sendt ut til alle barnefamiliar i fylket. Resultata kan brukast til å planlegge og utvikle tilbod, slik at fleire barn og unge finn meningsfylte aktivitetar.
- Prosjektet med dagsturhyttene har nådd ut til heile Vestland og fleire andre stadar i landet. Mange kommunar har kopla hyttene til anna relevant lokal aktivitet, som små kulturhus med nynorske turbibliotek, i tillegg til å vere turmål i friluftsområde.
- Unge idrettsutøvarar har fått stipend, m.a. fekk ein e-sportutøvar stipend på Aktive Gamere-konferansen. Medaljevinnarar frå OL, VM og Worldcup vart heidra og markerte på Idrettens hus.

#### Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Fylkeskommunen set av midlar til kunst i offentlege rom i alle byggeprosjekta sine. Bybanekunstprosjektet har vore ei viktig satsing i fylkeskommunen gjennom utbyggingsfasane, og det vart markert ved opninga av bybana til Fyllingsdalen.
- Eit aktivt kunst- og kulturliv er viktig for å vere eit attraktivt senter. Særleg innan det profesjonelle kunst- og kulturlivet er det sterke aktørar i Bergen, som fylkeskommunen støttar med prosjekt- og driftstilskot.

**Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.**

- Arbeidet med å kartlegge tilgjengelegheit på turveggar i friluftslivsområde blei vidareført. For å styrke universell utforming (UU) i Vestland har vi bestilt ein tilstandsrapport over fylkeskommunen sitt arbeid med UU.
- Ei ny digital teneste for formidling av natur- og kulturhistorie i Vestland er under etablering, i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen.
- Vi har fått tildelt utviklingsmidlar frå Arkivverket til eit forprosjekt med ei registrerings- og publiseringsløyising for notemanuskript og tekstar. Dette er knytt til å bygge opp den nasjonale fellesløyisinga «Digitalarkivet», og det andre forprosjektet vi får midlar til.
- Tilskot til modellar for breidde i satsing på dataspel og e-sport har gitt starthjelp til fem tilbod. Kommunar samarbeider på tvers med ulike aktørar, for aktivitetar med låg terskel.
- Tre nye folkebibliotek har fått utvikla nye nettstadar, med opplæring og digitalt innhald, som ein del av eit fleirårig samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen. Vi har vore med og utvikla nytt design i Webløft.
- Fylkeskommunen har organisert og delfinansiert transportordning mellom biblioteka og ei utlånsløyising og innhald av e-medium. Vi har delteke i prosjektet Digin, for å etablere nasjonale løyisingar for digitalt innhald i folkebibliotek.
- Tilskot til arenautvikling i bibliotek blei tildelt fem kommunar, både til oppgradering av lokale, meirope og mobile tenester.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.**

- Det er eit krav og ein føresetnad at arenaer for kultur og idrett skal vere opne og inkluderande, for å få tilskot til bygging, drift og utvikling frå Vestland fylkeskommune.

**Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.**

- Kommunane fekk støtte til å utvikle kulturtilbod til eldre i Den kulturelle spaserstokken.
- I prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg har dei lokale prosjektgruppene involvert målgruppa eldre i planlegginga.
- Vi deltek i Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi med fagleg arbeid og kunnskapsspreiing.
- Fylkeskommunen gir tilråding til staten når det gjeld busetjing av flyktningar i kommunane våre. Tilrådingane skal vere i tråd med nasjonale kriterium, og dei er bygde på kunnskap om kapasitet i kommunane.

### Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Alle skuleelevar i grunnskulen og vidaregåande skule fekk oppleve profesjonell kunst og kultur gjennom DKS.
- Ungdommar frå heile fylket deltok på fylkesfestivalane Ung kultur møtest (UKM) i Måløy og på Voss. Ei gruppe fekk reise til landsfestivalen i UKM med støtte frå fylkeskommunen.
- Aktivitetar og anlegg for friluftsliv og idrett, som vert støtta av fylkeskommunen, bidreg til å auke organisert og eigenorganisert deltaking.
- Bøker i klassesett med vekt på nynorsk stimulerer til leselyst og auka lesekompetanse. Om lag 11 600 bøker vart lånte ut.
- Litteratur for barn og unge vart formidla gjennom kurs om nye bøker og samarbeid om den nye nettstaden Lesedig. Vi organiserer og delfinansierer lesekampanjen Sommarles i folkebiblioteka. Ny norsk litteratur for vaksne vart formidla digitalt av bibliotektilsette i fylket, som del av eit nasjonalt samarbeid.
- Eit digitalt seminar om lokalhistorie vart arrangert for arkiv, bibliotek og allmenta.
- Vi tilbyr opplæring i bevaringsarbeid og legg til rette for samarbeid mellom frivillige organisasjonar/eldsjeler og profesjonelle arkivarar i arbeidet med å bevare og formidle ein samla samfunnsdokumentasjon frå Vestland.
- Fylkeskommunen har auka kompetansen for å implementere Program for folkehelsearbeid i alle kommunar i Vestland. Vi har sett i gang arbeid for å samordne kunnskapsgrunlaget for førebygging av sjølv mord.
- Vi samarbeider med opplæringsavdelinga om å utføre dei lovfesta oppgåvene våre knytt til integrering. Ei av desse er karriererettleiing til nykomne flyktningar mellom 18 og 55 år. Dei vidaregåande skulane skal gje undervising i norsk og samfunnskunnskap til elevar mellom 18 og 24 år.

## Kultur og folkehelse - tilskot 2022

Seksjon/tilskotsordning	Utbetalingar 2022
<b>Bibliotekutvikling</b>	<b>7 917 989</b>
Tenester til biblioteka	4 284 582
Bibliotekprosjekt	3 633 407
<b>Folkehelse</b>	<b>16 344 600</b>
Folkehelsearbeid	3 679 600
Etablering og utvikling av kommunale friskliv-, lærings- og meistringstilbod	2 705 000
Program for folkehelsearbeid i Vestland	9 960 000

Seksjon/tilskotsordning	Utbetalinger 2022
<b>Idrett og friluftsliv</b>	<b>261 726 969</b>
Dagsturhytter og ro- og padleruter	2 285 000
Friluftsføremål	8 380 000
Idrettsarbeid	21 884 400
Utbetalte spelemidler	219 937 833
Lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	2 000 000
Friluftslivets ferdselsårer	739 736
Friluftslivsaktivitet (statleg ordning)	2 500 000
Tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde (statleg ordning)	4 000 000
<b>Inkludering strategi og analyse</b>	<b>5 694 000</b>
Etableraropplæring	885 000
Mentor- og traineeordning	1 020 000
Inkludering og mangfald	3 789 000
<b>Kulturarv</b>	<b>169 884 588</b>
Brannsikring av tette trehusmiljø	600 000
Drift av verna fartøy	3 000 000
Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	22 750 000
Freda middelalderhus frå før 1537	1 500 000
Konservering av mellomalderruinar	3 800 000
Driftstilskot til museum	79 243 324
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	14 200 000
Statlege midlar til kulturminne	2 688 271
Tekniske og industrielle kulturminne	10 050 000
Verdsarv Bryggen	19 261 050
Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap	3 500 000
Allmenne kulturvernføremål	4 921 943
Verna kulturminne i Vestland	1 700 000
Regionalparkar i Vestland	1 000 000
Eigarar av regionale og nasjonale kulturminne	1 670 000
<b>Kulturformidling</b>	<b>78 297 142</b>
Den kulturelle spaserstokken	3 980 000
Den kulturelle skulesekken (DKS)	68 115 442
Distriktsmusikarordninga	4 461 700
Ung kultur møtast (UKM)	1 740 000

Seksjon/tilskotsordning	Utbetalinger 2022
<b>Kunst- og kulturutvikling</b>	<b>138 153 093</b>
Barne- og ungdomsarbeid	6 035 605
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	6 750 452
Kunstinstitusjonar	52 189 285
Regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500 000
Regionale kulturbygg	32 336 000
Prosjekt kunst og kultur	4 210 000
Drift av kulturhus/lokale til kunstformidling	13 895 120
Kulturhus	4 084 631
Frivillige organisasjonar	17 152 000
<b>Totalsum</b>	<b>678 018 381</b>

## Driftsutgifter – kultur og folkehelse

Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling kultur og folkehelse	7 715	9 592
Arkiv	21 228	19 982
Bibliotek og kulturformidling	17 978	19 709
Kulturformidling (går ut i 2023)	215 665	117 678
Kulturarv	231 998	283 058
Fysisk aktivitet og inkludering	292 805	72 355
Inkludering, strategi og analyse (går ut i 2023)	10 565	9 483
Kunst- og kulturutvikling	5 983	119 948
<b>Sum</b>	<b>803 937</b>	<b>651 805</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-467 488</b>	<b>-292 691</b>
<b>Netto meirforbruk</b>	<b>3 115</b>	
<b>Netto mindreforbruk</b>		<b>230</b>


Tal mellom åra kan ikkje samanliknast direkte på grunn av endra innhald i løyvingnivåa.

# Mobilitet og kollektivtransport



Samferdsleminister Jon-Ivar Nygård, her flankert av fylkesordfører Jon Askeland og bergensordfører Linn Kristin Engø, klypte snora då den nye bybanen til Fyllingsdalen vart opna 18. november 2022.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



Tal tilsette: 168

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

**Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

**Strategi 2.1:** Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- I 2019 var CO<sub>2</sub>-utsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport 159 300 tonn. Dei siste åra har utsleppet gått markant nedover, til 92 000 tonn i 2022. Frå 2021 til 2022 var nedgangen på om lag fire prosent.
- Dei siste åra har det skjedd større utskifting av køyretøy og fartøy som køyrer for Skyss. Alle bybanevognene går på straum, medan 22 av 28 ferjer no er hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift. Gass- og elektriske bussar på fornybar energi utgjer til saman 20 prosent av bussane i fylket. Alle båtar vert per i dag drifta på konvensjonelt drivstoff. Biletet har ikkje endra seg i 2022.
- Klimagassutsleppet frå buss har gått ned dei siste åra, men gjekk opp i 2022. Utviklinga heng saman med bruken av biodrivstoff i bergensområdet. Biodrivstoff vart teke i bruk frå 2019, men på tilråding frå Miljødirektoratet gjekk vi tilbake til diesel ved inngangen til 2022. Grunna det nasjonale omsetningskravet til biodrivstoff i vegtrafikken, kan vi likevel leggje til grunn at minst 15,5 prosent av drivstoffet i bussdrifta kom frå fornybare kjelder. I sum er klimagassutsleppet frå buss 11 prosent høgare i 2022 enn i 2021.



- Vi kjøper inn straum til elektriske bussar og bybane med opphavsgarantiar. Med ferdigstillinga av linje 2 til Fyllingsdalen gjekk klimagassutsleppet frå bybanen likevel opp. Bybanen står samstundes for kvar fjerde reise med buss og bane, og har slik sett svært låge utslepp.
- For båtdrifta vart det ikkje sett i verk utsleppsreducerande tiltak i 2022. Klimagassutsleppa har gått noko opp som følgje av at ruteproduksjonen har normalisert seg igjen etter redusert trafikk under pandemien.
- I 2021 og 2022 er det gjort politiske vedtak om tiltak som vil redusere klimagassutsleppet frå båtdrifta i løpet av dei neste åra, gjennom krav til nullutslepp i nye anbud.
- Som del av bybaneprosjektet gjennomførte vi i 2022 pilotprosjekt knytt til batteridrift på betongpumper og elektrisk lastebil. Dette vart delvis gjennomført med tilskot frå Klimasatsordninga til Miljødirektoratet.
- Det er innført miljøkrav med nullutsleppskrav i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane i lokal forskrift, som trer i kraft 01.04.26.

**Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.**

- Som ledd i bybaneutbygginga vart ei rekke store tre omplasserte. I 2022 vart desse trea tilbakeførte til områda kring bybanetraseen til Fyllingsdalen.
- Under utbygginga av bybanen har den verneverdige portalen ved Kronstadtunnelen blitt teken vare på.
- Alrekstad kai i Fløen vart beskytta og teken vare på i byggeperioden for bybanen.

**Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.**

- Den første fossilfrie anleggsplassen i Vestland fylkeskommune vart ferdigstilt i 2022. Det var vognhall til bybanen i Fyllingsdalen. Entreprenøren var Stoltz Entreprenør AS.
- Grunn- og tunnelentreprisen frå Fløen til Kronstad på linje 2 av bybanen oppnådde sertifiseringa «Excellent» i BREEAM Infrastructure (tidlegare CEEQUAL). Entreprenør var Skanska Norge AS.
- På prosjekteringskontrakten for sykkelveg i Kronstadtunnelen vart det oppnådd sertifisering "Very good" i høve BREEAM Infrastructure. Prosjekterande var Multiconsult Norge AS.
- Byggetrinn 4 av bybanen gav ein total reduksjon på 92 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i samband med krav om fornybar energi.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

**Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.**

- Gode mobilitetsløysingar er viktige for å sikre tilkomst til viktige målepunkt, møteplassar og fritidsaktivitetar for alle. I eit folkehelseperspektiv er vi opptekne av tiltak som bidreg til å redusere utanforskap og einsemd. Tilrettelegging og testing av bestillingsordningar er del av dette arbeidet.

- Vi vidarefører Nettverk for mjuke trafikantar, der kommunar og fylkeskommunen utvekslar erfaringar og kunnskap.

### **Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.**

- 21. november var ein merkedag for kollektivtransporten i Bergen. Då opna bybanelinje 2 mellom Kaigaten i Bergen sentrum og Fyllingsdalen terminal. Linja har avgang kvart 7.–8. minutt i rushtida, og passerer også det nye underjordiske bybanestoppet ved Haukeland sjukehus. Saman med busslinjene 5, 6, 12 og 16E gjer dette Haukeland sjukehus til eit meir sentralt knutepunkt i kollektivtrafikken i Bergen.
- I samband med opninga av ny E39 til Os i november, etablerte Skyss linje 600 som ny regionstamlinje Halhjem–Lagunen–Bergen busstasjon. Ei lokal linje 610 trafikkerer Osøyro via Søfteland til Nesttun terminal. Samstundes vart lokale ruter tilpassa dei nye linjene, og busstilbodet mellom Osøyro og Eikelandsosen vart styrkt med fleire avgangar.
- Gjennom Miljøløftet jobbar vi for menneskevenlege og attraktive byområde gjennom å legge til rette for meir sykling, gåing og kollektivtransport. I 2022 har fleire store og små prosjekt ferdigstilte, og fleire tiltak er under planlegging.

### **Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.**

- 20. juni 2022 vart Skyss felles namn for kollektivtrafikken i heile Vestland, og skyss.no vart felles informasjonspunkt. Samstundes vart det lagt om til sonestruktur også i den nordlege delen av fylket. Sogn og Fjordane vart delt inn i fire prissoner, slik at det til saman vart ti soner i heile fylket. Reisande betaler aldri for meir enn fire soner. Endringane førte til at bussreiser vart billigare for dei fleste i den nordlege delen av Vestland. Der kundane dei fleste stadane i Sogn og Fjordane tidlegare betalte kilometerpris, gjeld no ein fast pris avhengig av talet på soner for reisa. Til dømes gjekk prisen for ein 30-dagarsbillett mellom Førde og Florø ned frå 2150 kroner til 755 kroner
- Pandemien medførte endringar i reisevanar, med færre daglege reiser og færre kollektivreiser. I 2022 ser vi ei normalisering. Medan dei ferskast tala frå den nasjonale reisevaneundersøkinga framleis er sterkt prega av pandemien, syner Skyss sine egne passasjertal ei normalisering, særleg hausten 2022. Tendensen er tydelegast i bergensområdet. Samanlikna med 2019-tal, auka passasjertalet i 2022 med 2,5 prosent, medan det på buss var ein nedgang på 1,8 prosent, men like fullt ein monaleg auke samanlikna med under pandemien. Ser vi utviklinga gjennom året er tendensen endå klårare: Årets to første månader var prega av pandemien, medan passasjertala om hausten ligg over tala frå 2019.
- For Hordaland sett under eitt gjekk passasjertala på buss ned med 5,8 prosent i 2022, medan talet passasjerar på båt gjekk ned med 23,8 prosent i forhold til 2021. Også her ser vi likevel dei same teikna til normalisering utover i 2022.
- For Sogn og Fjordane sin del er nedgangen på båt 1,5 prosent og på buss på 26,5 prosent. Endra tellemetode frå juni 2022 påverkar samstundes talgrunnlaget i Sogn og Fjordane. Etter sommaren, og innføring av ny sonestruktur i Sogn og Fjordane, har det vore god auke i talet passasjerar på enkelte lengre strekningar med eit bra tilbod for pendlarar. Til dømes mellom Florø og Førde, med ein auke på 17 prosent når ein samanliknar veke 47 i 2022 og 2019. Bybussane i Førde og Florø har derimot hatt ein nedgang på høvesvis 24 prosent og 16 prosent.

- Skyss har dei siste åra testa digital teknologi og meir fleksible bestillingsbaserte tilbod. Då handlar det om transport innan eit definert område, utan faste traséar eller tider. Frå før er det etablert eit slikt tilbod i Odda, og i oktober 2022 vart det sett i gang eit nytt prøveprosjekt med bestillingsbuss. Tilbodet gjeld i området Tertnes og i området rundt Åsane senter, på dagtid på vekedagane og med ordinære takstar. Bestillinga skjer via app, på nettside eller via telefon.
- I løpet av vårhalvåret 2022 installerte vi kortterminal på alle bussane i Hordaland. Dermed er det mogleg å betale med både bankkort og kontantar om bord i alle Skyss-bussar og -båtar i Vestland.
- Avdeling for mobilitet og kollektiv har arbeida kontinuerleg å betre det generelle ladetilbodet i fylket, og etablerer også dedikert infrastruktur til drosjenæringa.
- Vi har starta datainnsamlingsprosjekt for å få betre oversikt over drosjemarknaden.
- I løpet av 2022 vart sykkelveggar frå Fløen til Bystasjonen sett i drift som ledd av bybaneutbygginga.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Drosjenæringa er del av kollektivtrafikken. For å bidra til å oppretthalde næringa også i distrikta, kartlegg vi stadar der det er utfordringar med drosjetilbodet, slik at vi kan sette i verk tiltak.
- Vi arbeider med å digitalisere søknads- og sakshandsaminga for å nå målet om ei mest mogleg effektiv og god teneste for innbyggjarane i Vestland.
- Vi har arbeidd mot departementet og fekk nasjonal heimeil til å fatte vedtak om dispensasjon frå eigne miljøkrav for å oppretthalde rullestoltilbodet.

**Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

## Passasjertal 2019–2022

Geografisk fordeling	2019	2020	2021	2022	Endring frå 2021**	Endring frå normalår 2019**
Buss Bergen kommune	46 153 000	29 465 000	33 050 000	43 674 192	32 %	-5 %
Buss bergensområdet	50 477 000	32 462 000	37 967 000	49 586 239	31 %	-2 %
Bybane	18 655 000	12 425 000	13 901 000	19 122 433	38 %	3 %
Total bergensområdet*	69 804 000	45 320 000	52 302 718	69 296 603	32 %	-1 %
Båt Kleppestø–Strandkaaien	672 000	433 000	434 718	587 932	35 %	-13 %
Buss Hordaland eks. bergensområdet	8 568 000	5 760 000	5 794 000	6 013 519	4 %	-30 %
Båt Hordaland eks. bergensområdet	686 600	423 900	430 518	565 351	31 %	-18 %
<b>Total Hordaland</b>	<b>79 058 600</b>	<b>51 503 900</b>	<b>58 527 236</b>	<b>75 875 473</b>	<b>30 %</b>	<b>-4 %</b>


Geografisk fordeling	2019	2020	2021	2022	Endring frå 2021**	Endring frå normalår 2019**
Buss Sogn og Fjordane**	2 609 936	1 794 003	2 024 571	2 205 410	9 %	-15 %
Båt Sogn og Fjordane	444 439	305 890	329 598	438 287	33 %	-1 %
<b>Total Sogn og Fjordane</b>	<b>3 054 375</b>	<b>2 099 893</b>	<b>2 354 169</b>	<b>2 643 697</b>	<b>12 %</b>	<b>-13 %</b>

Geografisk fordeling	2019	2020	2021	2022	Endring frå 2021**	Endring frå normalår 2019**
Vestland båt	1 803 039	1 162 790	1 194 834	1 591 570	33 %	-12 %
Vestland ferje	5 107 134	4 787 028	5 100 301	5 238 603	3 %	3 %
Vestland bane	18 655 000	12 425 000	13 901 000	19 122 433	38 %	3 %
Vestland buss	61 654 936	40 016 003	45 785 571	57 805 167	26 %	-6 %
Sum bane og buss	80 309 936	52 441 003	59 686 571	76 927 600	29 %	-4 %
<b>Total Vestland</b>	<b>87 220 109</b>	<b>58 390 821</b>	<b>65 981 706</b>	<b>83 757 773</b>	<b>27 %</b>	<b>-4 %</b>


\* Kontraktssområda buss Bergen nord, Bergen sør, Bergen sentrum, Bergen vest, bybanen og båt Kleppestø–Bergen

\*\* Tala for 2019–2021 er justerte frå tidlegare årsrapportar, der 2019-talet var basert på eit anslag, og tala for 2020 og 2021 inkluderte anslag knytt til skuleskyss. Talet for 2022 er det registrerte databasetalet, og for at samanlikninga skal vere reell er desse også nytta for dei tidlegare åra.

### Utvikling i passasjertal, buss og bybane, i bergensområdet 2019 og 2022



### Køretøy/fartøy etter hovedenergiberar 2022



## Driftsutgifter – mobilitet og kollektivtransport


Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling mobilitet og kollektiv	97 731	641 710
Buss	2 331 497	2 337 063
Bane	232 701	267 968
Båt	360 075	388 100
Ferje	1 038 143	1 105 821
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk Skyss	415 113	293 331
<b>Sum</b>	<b>4 475 260</b>	<b>5 033 991</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-1 686 877</b>	<b>-2 137 764</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>151 707</b>	<b>9 864</b>

# Næring, plan og innovasjon



Energi og energitilførsel er sentralt for utvikling av næringslivet i Vestland og for å nå måla i prosjektet Grøn region Vestland. 2022 var året då den nye regionale planen for fornybar energi var ute på høyring.

Foto: Sølve Dag Sondbø/Vestland fylkeskommune



Tal tilsette: 105

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

**Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Interreg Europe prosjektet P-Iris II har undersøkt korleis arbeidet i innovative nettverk (innovasjonsnettverk) har blitt påverka av covid-19, og korleis ulike verkemiddel og finansiering har blitt nytta for å overkomme covid-19-utfordringar.
- Vi har også i 2022 gitt ekstra støtte til destinasjonsselskapa, slik at dei kan støtte reiselivet i ei krevjande tid

**Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg har i samarbeid med Næringsforum Vestland etablert det treårige prosjektet "Grøn region Vestland". Det skal følgje opp Vestlandsscenarioa 2020 og dei 16 grønne hubane i Vestlandsporteføljen.
- Vi har lyst ut midlar for å stimulere til etablering og vidareutvikling av samarbeidet i dei grønne hubane. Føremålet er å legge til rette for deling og gjenbruk av ressursar for å redusere utslepp, kutte kostnader og auke konkurransekrafta. Innovasjon Noreg har i tillegg nytta sine verkemiddel for bedriftene i hubane.
- Grøn region Vestland har vore i tett dialog med bedriftene i dei grønne hubane for å avklare kva som skal til for å realisere planlagde innovasjonsprosjekt, til dømes ny kompetanse, finansiering og samarbeid.
- Innovasjon Noreg med støtte frå fylkeskommunen, har utvikla eit kompetanseprogram for industriell symbiose til bruk i dei grønne hubane.
- Vi har nytta metodikk utvikla i Interreg-prosjektet Right skills for the right future til å kartlegge kompetansegap knytt til grøn omstilling i små og mellomstore bedrifter.
- Riga-regionen og Vestland fylkeskommune har inngått eit samarbeid om prosjektet Entrepreneurship support measures in the Riga Planning Region/Support RPR-VEST. Målet er regional utvikling i by og land, ved bruk av ulike metodar og verktøy for entreprenørskap. Prosjektet er finansiert av EØS-programmet for lokal utvikling, godt styresett og kultursamarbeid i Latvia, og det går fram til april 2024.
- Vi har også i 2022 ytt ekstra støtte til reiselivsarbeidet, både for å takle etterverknadane av covid-19 og for å legge til rette for eit berekraftig reiseliv.
- Rolla kommunane har som tilretteleggjar for næringsutvikling har blitt styrka gjennom å gjennomføre KS-piloten Læringsnettverk for kommunane.
- Etablerersenteret har gjennomført 35 kurs (inkludert treffpunkt) med totalt 350 deltakarar. I tillegg har dei gjennomført 145 personlege rettleiingar for personar som ønskjer å starte eiga bedrift.
- Vi fekk statleg prosjektstøtte frå Klimasats til å utgreie elektrisk fly i rutetrafikk mellom Førde og Bergen.



**Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.**

- Fleire utdanningsprogram som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike regionar, har låg søking. I samarbeid med utdanningsinstitusjonane, karrieretenestene og næringslivet, samordnar og forsterkar vi arbeidet med å mobilisere fleire søkjarar.
- Dei som ikkje har høve til å ta utdanning ved etablerte studiestadar, kan no ta fagskule-utdanning eller høgare utdanning ved fysiske læringsmiljø, utdanningshubar, med digital undervisning i distrikta. Tilboda speglar kompetansebehovet til det lokale næringslivet og er utvikla av Fagskulen Vestland, i samarbeid med kommunane og fylkeskommunen.
- Universitet og høgskular, fylkeskommunen, kommunar og næringslivsaktørar arbeider med å synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar. Målretta informasjonskampanjar i samarbeid med næringslivsaktørar og felles oversikt over utdanningstilbod er nokre av tiltaka.
- To søknadar om studiesenter fekk støtte frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse: ein frå Inviro i Nordfjord og ein frå næringshagane i Voss/Hardanger og Kvinnherad næringssservice. Begge studiesentera har òg fått støtte frå fylkeskommunen. Prosjekta har signert samarbeidsavtale med Fagskulen i Vestland og Høgskulen på Vestlandet.
- Nettskulen i Vestland hadde sitt første driftsår i 2022 og skal bidra til større breidde og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile fylket.
- Fylkestinget vedtok Temaplan for landbruk i Vestland 2023–2027 i desember. Planen skal sikre at arbeidet med næringsutvikling i landbruket blir samordna, legge føringar for verkemiddel som blir forvalta i fylket og peike på moglegheiter og utfordringar for vestlandslandbruket på kort og lang sikt
- Temaplan for reiseliv i Vestland vart vedteken i desember. Planen gir mål og føringar for det framtidige arbeidet med å skape eit berekraftig reiseliv.
- Vi har styrka den marine innsatsen både gjennom finansiering og utforming. Åtte tiltak innan berekraftig sjømat har fått til saman seks millionar kroner, og tilsvarande har vi løyvd seks millionar til marine sjøkart i tidlegare Hordaland.
- Vi har styrka innsatsen for dyrking av frukt og grønt med tre mill. kr til ulike prosjekt.

**Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.**

- Frå 1. januar 2023 startar ein ny programperiode for næringshage- og inkubasjonsprogramma i Siva. Vestland fylkeskommune tok opp og innplasserte seks inkubatorar og fire næringshagar i den nye programperioden.
- Vestland fylkeskommune driv eit nettverk med 14 kommunar om samfunnsdelen i kommuneplanen som styringsverktøy. I 2022 hadde vi fire nettverkssamlingar med tema medverknad, samanheng i plansystemet, verksemdstyring og arealstrategiar.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

#### Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Fylkestinget vedtok Regional plan for klima 2022–2035 i desember. Det overordna målet er at Vestland skal vere ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppsambfunnet. Planen skal bidra til å skape eit klimarobust fylke i møte med både klimaendringar og endringsprosessar i sambfunnet
- Vi arrangerte i samarbeid med fleire aktørar klimaomstillingskonferanse i april. Det var 120 deltakarar, og tema var klimarisiko, matsikkerheit og energiomstilling.
- Vestland fylkeskommune er utviklingspartner i utarbeiding av Folkets fotavtrykk, ei digital løysing for å kalkulere klimafotavtrykk på fylkes-, kommune- og nabolagsnivå. Fylkeskommunen dekkar 50 prosent av kostnadane for kommunal deltaking for interesserte kommunar.
- Klimapartnere Vestland er det viktigaste partnerskapet vi har for grøn næringsutvikling. Det auka til 80 partnarar og hadde stor aktivitet i 2022. Klimarekneskap for alle verksemdar, møte, webinar, bedriftsbesøk, nyheitsbrev, strategiworkshop og informasjonsarbeid har vore viktige tiltak.
- Regional plan for fornybar energi 2023–2035 var på høyring. Hovudmålet er eit energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Ny fornybar energi er viktig for å kutte klimagassutslepp.
- Tilrettelegging for produksjon av fornybar energi, betre kraftnett, og krav om raskare statleg saksbehandling av energikonsesjonar var tema for politiske saker.
- Vi gav tilsegn til bygging av 136 ladarar for reiselivet på overnattingsstadar med god geografisk fordeling.
- Vi gav tilsegn til bygging av 28 lynladarar for elbil i kommunane Voss, Luster, Nordfjordeid, Sogndal, Lærdal og Austevoll.
- Som oppfølging av nullutsleppkravet til drosjenæringa, gav vi tilskot til 56 normalladarar for næringa.

#### Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- 16.–17. november 2022 samla Klimathon-konferansen på Voss aktørar frå forskning og forvaltning for å sikre gode løysingar for eit klima i endring.
- Vi deltek i to forskingsprosjekt for å sikre gode indikatorar for klimatilpassing i bygg, og for å styrke medverknadsprosessar i klimatilpassingsarbeidet. Det eine prosjektet, Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunar, skal utvikle relevante og gode økonomiske indikatorar for klimatilpassing i kommunar. Det andre prosjektet, Medverknadsmetodar for berekraftig klimatilpassing, testar ulike medverknadsmetodar for datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar i dei tre kommunane Kinn, Sunnfjord og Osterøy.
- Vi er prosjekteigar for «Medverknadsmetodar for berekraftig klimatilpassing». Prosjektet testar ulike medverknadsmetodar for datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar i tre kommunar. Målet er betre integrering av klimaomstilling og klimatilpassing i regionale og lokale planprosessar, og å mobilisere lokal kunnskap.

- Ein digital rettleiar for planlegging i strandsona for kommunane i Vestland vart utarbeidd i samarbeid med kommunane og Statsforvaltaren i Vestland.
- Regional plan for vassforvaltning 2022–27 for Vestland vassregion vart vedteken i mars, saman med tiltaksprogram og handlingsprogram. Denne gir retning for fylkeskommunen, kommunane og dei statlege etatane sitt arbeid med å ivareta vatnet.

**Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.**

- Regional plan for klima har som prioritert plantema å redusere klimafotavtrykket. Det skal vi gjere mellom anna ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall. Å stille krav om dette når vi gjennomfører større offentlege innkjøp, er eit viktig verktøy for å nå målet.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

**Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.**

- Gjennom LivogLyst-innsatsen støttar vi lokale eldsjeler sitt arbeid med å utvikle lokalsamfunna sine, både med faglege råd, samlingar og økonomisk støtte. Denne innsatsen er trappa opp, og vi har no 20 prosjekt i 14 kommunar i Vestland.
- Vi har bidratt med støtte og kompetanse til fellesprosjektet kommunane Aurland, Luster og Sogndal har om berekraftig besøksforvaltning på små stadar. Prosjektet vart tatt opp i Design og arkitektur Norge (DOGA) sitt innovasjonsprogram Gnist.
- Ulvik herad og Eidfjord kommune fekk tre mill. kr til Omstillingsprosjekt reiseliv 2023–2025. Vi har òg støtta Hyllestad med omstillingsmidlar.
- Fylkeskommunen har laga modellar for å engasjere unge folk til å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn, og styrka entreprenørskapsundervisninga gjennom Erasmus+-prosjektet Youth Entrepreneurial Spirit Specialists. Elevar ved Odda vgs. og Florø vgs. har blant anna knytt tettare band med lokalt arbeidsliv.
- Arbeidet i nettverket for industrikommunar med sams utfordringar vart trappa opp, med samlingar i Ullensvang og Bremanger, og med prosjektarbeid om kraftutfordringane i kommunane mellom samlingane.

**Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.**

- Arbeidet med regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn er starta. Fylkesutvalet har vedteke planprogram med seks plantema: senterstruktur, utbyggingsmønster og arealbruk, lokalisering, kvalitet i omgjevnadene, bustadpolitikk, og barn og ungdom. Tidsramma for planarbeidet er forlenga til mars 2024 grunna stort engasjement frå kommunane.
- Vi arrangerte plan-, klima- og folkehelsekonferansen for kommunane saman med Sogndal kommune og Statsforvaltaren. Tema var berekraftig planlegging.
- Samarbeidsprosjektet Havbyen Bergen samlar eit breitt partnerskap av aktørar til innsats for berekraftig verdiskaping knytt til havet. Det er etablert eit treårig prosjekt, som skal vidareutvikle den unike posisjonen vi har som verdsleiande havregion. Bergen kommune er

initiativtakar saman med Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen. Det er utvikla eit samarbeid med sentrale aktørar i nærings-, kunnskaps- og forskingsmiljøa knytt til havet.

**Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.**

- Fylkeskommunen og kommunane følgjer planen for å sikre breiband i heile fylket. Eit viktig tiltak er tilskot til område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.**

- Vidaregåande skular er ein viktig arena for lokal samhandling og møte. Dei fungerer som offentlege rom også for kommunale behov som bibliotek, kultursalar og anna. Førde vgs. vart i 2022 prosjektert med rause, attraktive uterom, som òg skal fungere som uteområde/park for Førde sentrum.
- Det var design- og arkitekturkonkurranse for Kvam vgs. i Norheimsund i 2022. Samarbeidet med heradet inneber at det blir kino, bibliotek og administrasjon for kulturskule og vaksenopplæring i bygget. Skulen er eit viktig tilskot til etablering av offentlege rom i Norheimsund og Kvam herad.

**Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.**

- UU-ringen er ein samordingsarena på tvers av avdelingane i Vestland fylkeskommune. Grappa skal utnytte kompetansen på tvers i organisasjonen og vere ein stad der vi kan utveksle kunnskap og erfaringar, i tillegg til å motivere kvarandre til arbeid med universell utforming. UU-ringen bidreg inn som ressursgruppe i planarbeid, strategiar og prosjekt.

**Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.**

- Avdeling for næring, plan og innovasjon rapporterer ikkje på denne strategien.

## Næring, plan og innovasjon - løyvde tilskot i 2022

Ordning	Beløp (tal i tusen)	Tilskot	Type midlar
Innovasjon Noreg og SIVA	96 260	2	Statlege og fylkeskommunale midlar
Breibandsmidlar	44 679	13	Statlege og fylkeskommunale midlar
Tilskot til berekraftig verdiskaping	21 067	24	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidsavtalar	17 893	37	Fylkeskommunale midlar
Regionalt forskingsfond Vestland (RFF)	15 973	21	Statlege midlar
Destinasjonsselskapa mv.	10 500	8	Fylkeskommunale midlar
Bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)	10 106	27	Fylkeskommunale midlar
Ladeinfrastruktur	7 758	88	Fylkeskommunale midlar
Marin satsing	6 000	8	Fylkeskommunale midlar
Vitensenter	6 000	3	Fylkeskommunale midlar
Grøn region Vestland	5 596	14	Fylkeskommunale midlar
Omstilling	5 500	2	Statlege og fylkeskommunale midlar
Landbruk	5 303	30	Statlege midlar
Nærings- og utviklingsfond for utsette område	4 855	7	Fylkeskommunale midlar
Berekraftig samfunnsutvikling	4 722	8	Fylkeskommunale midlar
Vestlandsprosjekt for frukt, bær og grønt	3 140	6	Fylkeskommunale midlar
Forregion	2 850	18	Statlege midlar
LivogLyst	2 270	9	Fylkeskommunale midlar
Læreplassgaranti	1 396	4	Fylkeskommunale midlar
Lokale vilttiltak	1 000	13	Statlege midlar
Drift av miljøorganisasjonar	510	5	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak	490	11	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidssøknadar	400	4	Fylkeskommunale midlar
Erasmus+ ADU	388	3	Statlege midlar
Diverse tilskot til grøn næringsinfrastruktur	7 147	7	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot til naturressursar, landbruk og reiseliv	6 050	6	Fylkeskommunale midlar
<b>Sum</b>	<b>287 853</b>	<b>378</b>	

## Driftsutgifter – næring, plan og innovasjon

Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling næring, plan og innovasjon	24 834	11 107
Grøn vekst, klima og energi	16 022	21 218
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	112 307	107 445
Naturressursar, landbruk og reiseliv	80 999	71 288
Grøn næringsinfrastruktur	258 647	190 345
Utviklingsmidlar	49 511	43 963
Plan, klima og analyse	0	12 593
<b>Sum</b>	<b>542 320</b>	<b>457 959</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-345 211</b>	<b>-292 330</b>
<b>Netto meirforbruk</b>	<b>404</b>	
<b>Netto mindreforbruk</b>		<b>2 407</b>


Tal mellom åra kan ikkje samanliknast direkte på grunn av endra innhald i løyvingnivåa.

# Opplæring og kompetanse



Osterøy vidaregåande skule fekk i 2022 eit kompetansesenter for robotteknologi og har investert i robotar for to millionar kroner. Robotane blir nytta i teknologi- og industrifag, og kontaktlærar Frode Utkilen brukar enkle trykk på nettbrett til å styre roboten.

Foto: Bjarte Brask Eriksen/Vestland fylkeskommune



**Tal tilsette: 4212**

inkludert tilsette ved dei vidaregåande skulane

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

**Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Pandemien var utfordrande for mange når det gjaldt psykisk utfordringar og deltaking på sosiale arenaer. Det vart utvikla fleire kunnskapsbaserte tiltak for å forebygge og behandle psykiske lidingar, etter auka merksemd på kostnadene dette har for både samfunnet og den enkelte. Hausten 2022 fekk alle elevar og lærlingar i fylket tilbod om å delta på nettkurset Tankevirus, eit gratis digitalt og anonymt meistringskurs retta mot ungdom med lettare psykiske utfordringar. Vi samarbeida med Frisklivssentralen i Bergen om kurset.
- Skulane vart skuleåret 2021–2022 særskilt oppfordra til å setje i verk tiltak etter første termin. Dei fekk nasjonale fullføringsmidlar i samband med covid-19 til dette. Skulane rapporterte inn at ca. 2800 elevar fekk ekstra tiltak i ei eller anna form i løpet av skuleåret. Dei mest nytta tiltaka var forsterka gruppeundervisning, to-lærarsystem, ekstraundervisning og forsterka norskundervisning for minoritetsspråklege elevar.
- Fylkestinget vedtok ei eingongsløyving på 5 mill. kr til psykisk helse til fordeling til dei vidaregåande skulane i 2022. Skulane nyttar midlane til arbeid for eit trygt og godt skulemiljø, som fremjar trivsel, motivasjon og meistring.

**Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Samarbeid mellom opplæringssektoren og arbeids-, nærings- og samfunnsliv gjer at fylkeskommunen kan tilby fleksible opplæringsløp og utvikle nye opplæringsmodellar.
- Osterøy vidaregåande skule fekk i 2022 eit kompetansesenter for robotteknologi. Kompetansesenteret har tett samarbeid med arbeidslivet, bransjen og andre vidaregåande skular.
- Kompetansenettverket for teknologi- og industrifag arrangerte ei samling for å gi lærarar frå heile fylket ei innføring i robotteknologi. Rekruttering til bransjen innan robotisering og automatisering er viktig og vil gi ungdommen framtidretta og relevant kompetanse.
- 680 elevar i 107 ungdomsbedrifter frå 25 ulike skular i Vestland deltok i fylkesmeisterskapen i regi av Ungt entreprenørskap i mars 2022. Ungdomsbedrifter skapar engasjement, kreativitet og innovasjon, og mange av bedriftene presenterte berekraftige produkt.
- Slåtthaug vidaregåande skule sette i gang utdanning i vg2 kulde, varmepumpe og ventilasjonsteknikk. Skulen samarbeider tett med bransjen som har stort behov for lærlingar, og garanterer læreplass til alle elevane som tek utdanninga.

**Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi har stor merksemd på å dimensjonere opplæringstilbodet til kompetansebehov i arbeidslivet.



- NAV og fylkeskommunen samarbeider med offentlege og private arbeidsgjevararar om 16 opplæringstiltak retta mot flykningar og innvandrarar innanfor åtte ulike lærefag rundt om i fylket. Sandsli-modellen er eit slikt samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV om utdanning innan restaurant- og matfag, der dei er tre dagar på skule og to dagar i bedrift. 14 vaksne starta på utdanninga hausten 2022.
- Fylka kan søkje om 500 nye studieplassar innanfor fagskulefeltet. Vestland fylkeskommune søkte, og 60 plassar blir fordelte i fylket.
- Fylkeskommunen legg til rette for fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar i arbeidet med implementering av fullføringsreforma. Målet er at fleire ungdommar og vaksne skal bestå med studie- eller yrkeskompetanse og vere førebudde til vidare utdanning og arbeidsliv.
- Vi tilbyr innanfor vaksenopplæringsfeltet ulike opplæringsmodellar innan ulike fag. Modellane er i samarbeid med NAV, og det økonomiske ansvaret er delt.
- Fylkeskommune har ein godt utarbeidd formidlingsstruktur med læreplassrekneskapet som verktøy, og skulane har ansvaret når det gjeld formidling av elevar til lære.
- Fleire skular har innført læreplassrekneskapet for skuleåret 2022–2023. Tala viser at 38 av skulane nyttar verktøyet, og til saman 8123 elevar har eit slikt rekneskap

**Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Avdeling for opplæring og kompetanse rapporterer ikkje på denne strategien.

## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

**Strategi 2.1:** Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Seks vidaregåande skular blei resertifiserte som miljøfyrtårn i 2022. Totalt er 19 skular sertifiserte som miljøfyrtårn.
- Tolv vidaregåande skular fekk klima- og miljømidlar i 2022.
- Ti vidaregåande skular deltok i det nasjonale prosjektet Plastutfordringa.
- Fire nye skular blei med i prosjektet Berekraftige, sunne kantiner frå hausten 2022. Prosjektet handlar om berekraft i form av ernæring og kosthald, bevisste val av råvarer og å redusere matsvinn. Ungdom skal gjennom prosjektet bygge gode vanar.

**Strategi 2.2:** Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for opplæring og kompetanse rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 2.3:** Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

- Vestland fylkeskommune ferdigstilte i 2022 Bømlo vidaregåande skule, avdeling Rubbestadnes. Avdelinga ligg i Unitec-senteret saman med fleire bedrifter.

- Første byggetrinn på Førde vidaregåande skule blei tatt i bruk frå haustferien. Byggetrinn to blir ferdig sommaren 2023.
- Det har vore to store pris- og designkonkurransar ute i marknaden om Langhaugen vidaregåande skule og Kvam vidaregåande skule. Begge prosjekta er no inne i ein samspelsfase med entreprenørane.
- Alle byggeprosjekt der fylkeskommunen er byggherre, blir bygde etter miljøsertifiseringa BREEAM-excellent. Det er det høgste nivået i denne sertifiseringa og set krav til alle fasar i prosjekta. Fylkeskommunen gjer eit grundig arbeid knytt til gjenbruk av både utstyr og interiør.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

#### Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi sette i gang eit prøveprosjekt med open skule og utlån av lokale til frivillige organisasjonar ved Voss gymnas skuleåret 2022/23. Tilbodet gir frivillige organisasjonar betre tilgang til gratis eller rimelege arenaer for aktivitet. Skulen blir ein naturleg møteplass og opphaldsstad i lokalsamfunnet.

#### Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Fylkeskommunen jobbar vidare med samlokalisering og sambruk av vidaregåande skular. Slik skal skulane, i samspel med kommunen, ha fleire funksjonar og bli knytpunkt i samfunnet.
- Vi vidareutviklar dei vidaregåande skulane til å vere synlege aktørar i lokalsamfunnet og byen.
- I vaksenopplæringa blir det dimensjonert opplæringstilbod både i distrikta og i byområde.

#### Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester

- Nettskolen i Vestland blei etablert som eiga eining og med eigen rektor frå 1. august 2022. Nettskolen skal tilby meir fleksible og likeverdige opplæringsløp for både ungdom og vaksne i heile fylket. Han skal medverke til å jamne ut demografiske skilnadar og sikre lik tilgang til kompetanseheving i heile fylket.
- Nettundervisning for vaksne er i utvikling. Det er oppretta klassar for skuleåret 2022/23, og det er sett opp nye klassar frå skuleåret 2023/24.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Omgjevnadane til skulane blir brukte som både kunnskapskjelde og læringsarena. Det gir sosiale og faglege utviklingsmiljø, der dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde.

**Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for opplæring og kompetanse rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Mål- og strategidokumentet Fornye og forbetre – Auka gjennomføring med tilhøyrande handlingsprogram ligg til grunn for prioriteringar i opplæringssektoren. Det bygger på at elevar og lærlingar skal delta i eit inkluderande fellesskap, som fremjar helse, trivsel og læring. Eit raust og støttande opplæringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur, der elevar og lærlingar vert oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Dette er konkretisert som eit overordna tiltak i handlingsprogrammet for å minne om ansvaret laget rundt eleven har. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. I 2022 har satsingane frå handlingsprogrammet vore formidling og tilpassa opplæring.
- Vi har sett i gang kompetanseutvikling for rådgjevarar i kommunar og fylkeskommunen.
- Det er oppretta eit nytt kompetansenettverk for karriererettleiarar.
- Profesjonsutviklinga på den enkelte skule og på tvers av skulane er styrka.
- Det er tilsett fleire miljøkoordinatorar på dei vidaregåande skulane. Miljøkoordinatorane bidreg i arbeidet med det psykososiale skulemiljøet for alle elevar og lærlingar.
- Fleire skular har aktivitetar for elevane etter skuletid, såkalla Open skule. Slik blir skulen nytta til meir enn det som skjer i klasserommet.
- Fylkesdirektøren byrja våren 2022 å utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring
- Karriere Vestland blei del av avdeling for opplæring og kompetanse etter omorganiseringa hausten 2022.
- Om lag 140 ukrainske flyktningar i alderen 16–18 år har fått tilbod om opplæring gjennom Vestland fylkeskommune sidan krigen starta. Om lag 30 ukrainske ungdommar starta på Tertnes vidaregåande skule allereie i mars. Talet for flyktningar og innvandrarar frå andre land er om lag 45.

- Elevane fekk tilgang til gratis sanitetsprodukt i skuletida. Dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune skal legge til rette for ordninga.
- Fleire skular i Vestland arrangerte sommarskule, eit tilbod om ei veke med fagleg opplegg og sosiale aktivitetar.
- Vi har etablert kommunedialog om kvaliteten i heile grunnopplæringa i Vestland. Dialog med kommunane om blant anna overgangane i opplæringsløpet, minoritetsspråklege og ungdom under 25 år utanfor opplæring og arbeid er viktig for å nå målet om at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring innan 2030.
- Det blei arrangert beredskapssamlingar for alle dei vidaregåande skulane.

## Gjennomføring

Fullført og bestått	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	88,4 %	90,4 %	90,1 %	86,7 %	87,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	81,5 %	86,0 %	80,3 %	70,4 %	72,1 %
Yrkesfag	86,0 %	87,7 %	85,8 %	82,4 %	83,8 %

Sluttarar	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	1,7 %	1,7 %	2,0 %	2,2 %	1,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	4,9 %	4,9 %	5,1 %	6,1 %	6,7 %
Yrkesfag	5,1 %	4,3 %	4,5 %	5,0 %	5,5 %

Samla karakterresultat	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	4,37	4,39	4,36	4,20	4,20
Påbygg til generell studiekompetanse	4,00	4,02	4,04	3,70	3,67
Yrkesfag	4,12	4,11	4,06	4,01	3,97

**Elevundersøkinga - indikatorar.** Skala går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

	2021/22			2022/23		
	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3
Trivsel	4,2	4,2	4,1	4,2	4,1	4,1
Støtte frå lærar	4,1	4,1	4	4,1	4	4
Støtte heimefrå	4	3,9	3,8	4	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,4	3,3	3,5	3,4	3,3
Læringskultur	4	3,9	3,9	4	3,9	3,9
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Motivasjon	3,6	3,6	3,4	3,6	3,5	3,4
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,5	3,4	3,6	3,5	3,5
Felles reglar	4,1	4,1	4,1	4,2	4,1	4,1
Utdannings- og yrkesrettleiing	3,5			3,5		
Fagleg utfordring	4,3	4,4	4,4	4,3	4,3	4,4

**Elevundersøkinga. Mobberesultat.** Her viser tala del elevar som seier at dei vert mobba.

2021/22	Nasjonalt, alle eigeformer			Vestland fylkeskommune. Offentlege skular		
	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3
Mobbing på skulen	3,3	3,3	2,6	3,7	2,8	2,3
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?	2,2	2,1	1,4	2,4	1,9	1,2
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?	1,4	1,4	1,3	1,8	1,1	1,1
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	1,4	1,2	0,9	1,5	1	0,8

2022/23	Nasjonalt, alle eigeformer			Vestland fylkeskommune. Offentlege skular		
	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3
Mobbing på skulen	4,2	3,9	3	4,4	3,8	2,1
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?	2,9	2,5	1,8	3,2	2,4	1,3
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?	1,7	1,8	1,4	1,8	1,7	1
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	1,7	1,5	1,1	1,8	1,6	0,7

## Lærlingundersøkinga

Skala går frå 1 til 5, der 5 er best resultat. Mobbeindikatoren viser del elevar som seier at dei vert mobba.

	2022	2021	2020
I kva grad trivst du på arbeidsplassen?	4,2	4,2	4,3
I kva grad er du motivert til å lære i bedrifta?	4,5	4,5	4,6
Er du blitt mobba på arbeidsplassen?	3,1 %	4,2 %	2,5 %

## Lærekontraktar og prøver

	2022	2021	2020
Lærekontraktar	3568	3820	3293
Prøver	4004	4383	3608
% bestått	90,0 %	91,1 %	91,2 %

Løpande kontraktar ved utgangen av 2022: 6801. Ungdomsrett: 4821

## Driftsutgifter – opplæring og kompetanse


Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling opplæring og kompetanse	30 872	33 539
Vidaregåande skular	3 218 258	3 486 040
Opplæring i bedrift	644 006	746 012
Vaksenopplæring	58 163	63 401
Fagskule	192 252	237 685
Andre føremål opplæring	126 360	131 100
<b>Sum</b>	<b>4 269 911</b>	<b>4 697 777</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-1 189 569</b>	<b>-1 207 567</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>40 513</b>	<b>13 878</b>

# Organisasjon og økonomi



Fylkeshuset var det største byggeprosjektet i Vestland fylkeskommune i 2022, og det vart jobba iherdig i alle ledd for å klargjere til innflytting 23.03.23. Namnet Vestlandshuset vart vedteke av fylkesutvalet 11. januar 2023.

Foto: Vestland fylkeskommune



\*) organisert som eiga eining i avdelinga

Tal tilsette: 509

inkludert reinhaldarar, driftsleiarar ved dei vidaregåande skulane og hovudtillitsvalde.

## Mål 1

### Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Vestland fylkeskommune har gjennom budsjettokument og tertialrapportar synleggjort inntektstap av pandemien på kort sikt og peikt på konsekvensar av varig auke i kostnader.
- Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.
- Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Kontrakten på levering av kantinetenester i fylkeshuset er tildelt som inkluderande kontrakt. Det betyr at det er krav om ein viss bruk av tilsette med nedsett funksjonsevne eller arbeidsevne.
  - Det er bestemt at Vestland fylkeskommune skal sertifiserast som ei likestilt arbeidsliv-bedrift. Sertifiseringsordninga er eit arbeidsgjevarverktøy som handlar om likestilling, inkludering og mangfald i vid forstand og dekkar alle diskrimineringsgrunnlaga. Arbeidet starta i 2022 og held fram i 2023.
  - Vi har førebudd ny medarbeiderundersøking blant alle tilsette. Av praktiske omsyn vart undersøkinga gjennomført i januar 2023.
  - Vi har jobba særleg med kartlegging av og tilrettelegging for spesielle behov knytt til overgang til aktivitetsbaserte kontorlandskap.
- Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.
- Fylkeskommunen har fleire prosjekt der vi samarbeider med kommunar om bygging av infrastruktur og fleirbrukshus. Det betyr at tannklinikk, bibliotek, kultursal eller idrettshall kan vere i same bygg som ein vidaregåande skule. I 2022 byggjer vi slike fleirbruksbygg saman med blant andre Askøy kommune, Kvam herad, Bergen kommune og Sunnfjord kommune.
  - Vi har sett i gang førebuande arbeid med ny og betre innsynsløysing for publikum til offentlege saksdokument. I tillegg jobbar vi for å ytterlegare effektivisere arbeidsvilkåra til dei folkevalde gjennom ein digital politikarportal. Vi planlegg å implementere dette i 2023.



## Mål 2

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

#### Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vi prioriterer og formidlar saker om arbeidet med klimaomstilling i fylkeskommunen, og synleggjer desse gjennom omtale og artiklar på vestlandfylke.no og i sosiale medium.
- Fylkeskommunen har ein stor bygningsmasse med mange bygg som varierer i alder og standard. For å oppretthalde venta levetid på bygga må vi ta omsyn til moglege verknader av auka klimabelastning. Berekraft er gjennomgåande i planlegging av utbygging/renovering og drift av bygga. Det inneber arealbruk, materialval, energibruk, utslepp, bruk av ny teknologi og så vidare. Målet er at bygga skal vere tilpassingsdyktige og ta omsyn til behov både i dag og i framtida. Vi arbeider for å oppfylle berekraftsmåla til FN om reduksjon av negativ påverknad på miljøet med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandsaming. Det gjer vi gjennom følgjande krav og tiltak:
  - Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal tilfredsstillere krava til sertifiseringsstandard BREEAM excellent.
  - Investeringsprosjekt skal ha 90 prosent sorteringsgrad på bygningsavfall.
  - 90 prosent av alle skulebygga skal ha etablert rutinar og praktisering for avfallssortering.
- Vi arbeider også med å etterleve berekraftsmåla til FN om ansvarleg forbruk og produksjon. Strengt og aukande krav knytt til CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i nye prosjekt er naudsynt for å nå måla i utviklingsplanen. Det gjer vi mellom anna gjennom følgjande krav og tiltak:
  - Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal maksimalt ha CO<sub>2</sub>-utslepp på 410-500 kg/m<sup>2</sup> CO<sub>2</sub> ekvivalentar.
  - Det er eit mål å oppnå årleg reduksjon på tre prosent i tilført ekstern energi i drifta av den totale bygningsmassen.
  - I tråd med fylkestingsvedtaket frå desember 2021 om seriøsitetskrav til bygge- og anleggskontraktar har vi gjennomført seriøsitetskontrollar i alle investeringsprosjekt over 50 mill. kr under bygging i samsvar med utarbeidd revisjonsplan.
- Vi har sendt ut ei oppfordring i brev til selskapa m.m., om tilslutning til krav og forventningar omtalt og presentert i eigarskapsmeldinga vedteken av fylkestinget.

#### Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

#### Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Vi har utvikla malar, anskaffingsprotokoll og kravbank for miljøkrav i kravspesifikasjonane og avtalevilkåra
- Vi har laga ein ny prosedyre for kjøp av bilar, der nullutsleppsbilar er hovudregelen og dei strengaste miljøkrava til utsleppsbilar elles.

- Saman med andre delar av fylkeskommunen følgjer vi opp avtalar der det er krav om reduksjon i drivstoff-forbruk ved leveransar til fylkeskommunen.
- Det er eit viktig tiltak å ha marknadsdialogar om miljø før gjennomføring av anskaffingar for å kunne stille dei riktige miljøkrava.
- Vi deltek i eksterne møte for erfaringsutveksling mellom miljøfaglege miljø i Vestland fylke.
- Når det gjeld innkjøp av møblar til fylkeshuset, er den prosessen gjennomført med så mykje gjenbruk som mogleg.
- I rekvisitaavtalane er det stilt krav om nullutsleppsbilar ved transport i sentrale strom, og dei strengaste moglege miljøkrava til utsleppsbilar der det er dokumentert at nullutsleppsbilar endå ikkje er mogleg.
- Fylkeskommunen kjøper varer, tenester og investerer for fleire milliardar kroner kvart år. Det gjev rom for å stille tydelege krav til leverandørane våre og påverke samfunnsutviklinga i ønska retning. Det speglar både innkjøpspolitikken og forbetra kontraktskrav for klima og miljø, mellom anna for investeringsprosjekt for nye bygg.
- Vestland fylkeskommune har delteke i eit pilotprosjekt knytt til sirkulær anskaffing av møblar saman med Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Miljødirektoratet bidrar med klimasatsmidlar til eit forprosjekt som undersøker klimaeffekten av deling og gjenbruk av møblar mellom dei tre organisasjonane i eit sirkulærøkonomi-perspektiv. Parallelt jobbar vi med eit internt prosjekt for auka gjenbruk av møblar i fylkeskommunen der mellom anna ein del møbler til det nye fylkeshuset er gjenbruksmøblar.

## Mål 3

### Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

**Strategi 3.1:** Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Moglegheita for tilrettelegging for lokale leverandørar er vurdert i alle anskaffingar.
- Vestland fylkeskommune tok i 2022 inn tolv traineear på tvers av fylket. Denne ordninga er vidareført til neste år.

**Strategi 3.2:** Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Det er gjennomført ei omorganisering med sikte på å styrke fagmiljø fleire stader i fylket.

**Strategi 3.3:** Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

## Mål 4

### Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

**Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

**Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.


- Vi formidlar kva som skjer på skulane våre gjennom nyheitssaker på vestlandfylke.no og i sosiale medium. Slik viser vi fram tilboda ved skulane og skulemiljøet. Alle skulane fekk i 2022 nye nettsider.

### Driftsutgifter – organisasjon og økonomi

Rekneskap (tal i heile tusen)	Brutto rekneskap 2021	Brutto rekneskap 2022
Administrasjon av avdeling organisasjon og økonomi	157 521	164 592
Organisasjon og økonomi – tiltaksmidlar	172	246
Eigedom drift og vedlikehald	661 730	723 157
<b>Sum</b>	<b>819 423</b>	<b>887 994</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>-166 322</b>	<b>-182 599</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>20 379</b>	<b>17 505</b>

# Politisk organisering

## Politisk organisering – organisasjonskart



# Partifordeling og representantar

## Fylkestinget 2019–2023

- Arbeiderpartiet (A) har 14 representantar.
- Høgre (H) har 12 representantar.
- Senterpartiet (Sp) har 10 representantar.
- Folkets Parti FNB har 2 representantar.
- Uavhengige (UA) har 4 representantar.
- Framstegspartiet (Frp) har 6 representantar.
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) har 5 representantar.
- Sosialistisk Venstreparti har (SV) 4 representantar.
- Kristeleg Folkeparti (KrF) har 3 representantar.
- Venstre (V) har 2 representantar.
- Raudt (R) har 2 representantar.
- Pensjonistpartiet (PP) har 1 representant.

## Møte og saker i folkevalde organ

Folkevalde organ	Tal møte i 2022	Tal møte i 2021	Handsama saker 2022	Handsama saker 2021
Fylkestinget	6 (11 møtedagar)	4 (9 møtedagar)	154	157
Fylkesutvalet	14 (17 møtedagar)	19 (22 møtedagar)	303	264
Finansutvalet	6	5	6	6
Hovudutval for opplæring og kompetanse	10	12	47	67
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	11	12	95	96
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	11	11	157	152
Hovudutval for næring	11	14	82	88
Kontrollutvalet	7	7	90	92
Klagenemnda	9	7	63	38
Fylkesvalstyret	1	13	1	17
Administrasjonsutvalet	6	3	11	10
Yrkesopplæringsnemnda	9	8	25	30
Trafikktryggingsutvalet	7	6	11	13
AU - delegeringsreglement	5	4	13	6
Fylkeseldrerådet	8	8	41	40
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	9	9	42	45
Valnemnda	5	6	18	43
Vestland ungdomsutval	7	8	36	53
Vestlandsrådet	3	3	19	19

[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)